

MASTEROPPGÅVE

Eit kvalitativt studie av pedagogar sine erfaringar med psykologisk førstehjelp i barnehage

A Qualitative Study of an Educator's Experience with Psychological First Aid in Preschool

Tone Vigdis Olsen

MASPED3 - 303

Høgskulen på Vestlandet

20.12.2019

Kandidat nr. 203

SAMANDRAG

Tittel

Eit kvalitativt studie av pedagogar sine erfaringar med psykologisk førstehjelp i barnehage

Føremål og problemstilling

Føremålet med masteroppgåva er å undersøke kva erfaringar pedagogar har med Psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn* i barnehagen.

Psykisk helse har fått større fokus i dei siste åra, noko som har kome tydeligare fram i Rammeplan for barnehagen 2017 under tema *Livsmeistring og helse* (Utdanningsdirektoratet, 2017). Om lag 15 - 20 % barn og unge under 18 år strevar med den psykiske helsa (Mathiesen m.fl., 2009), difor er målretta tiltak i barnehage og skule vesentlig arbeid med tidleg innsats.

Grønne tanker– glade barn er eit universalførebyggande program for barn mellom 4-7 år for å fremje barn sitt tanke- og kjenslemedvit med teoretisk forankring i kognitiv atferdsteori (KAT). Programmet har fått stor utbreiing i barnehagar i Noreg. Interesse for dette tema har leia meg fram til problemstillinga:

Kva erfaringar har pedagogar med psykologisk førstehjelp i barnehagen?

For å undersøke problemstillinga har eg valt fire forskingsspørsmål:

- Kva refleksjonar har informantane om psykisk helse og tidleg innsats i barnehagen?
- Kva refleksjonar har pedagogane om Psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn* som verk-
tøy i psykisk helseførebyggande arbeid?
- Blir programmet gjennomført etter intensjonen?
- Kva kritikk kjem fram frå informantane?

Metode, utval og analyse

Eg valde kvalitativ forskingsmetode for å gå i djupna av fenomenet psykologisk førstehjelp frå eit fenomenologisk perspektiv. Utvalet er sju pedagogar med barnehagelærerutdanning og /eller spesialpedagogisk utdanningsbakgrunn med kurs eller opplæring av *Grønne tanker – glade barn*.

Undersøkinga er delvis replikasjon av Berit Helle Halebrekke (2018) sitt masterstudie. Datainnsamling blei gjort med semistrukturert intervjumetode. Lyd opptak blei transkribert til tekst som danna grunnlaget for empiriske funn og temasentrert analyse. Tolkinga er med ei hermeneutisk tilnærming til teksten. Strukturering og koding av data blei gjort via datahandteringsprogrammet Nvivo12.

Prosjektet er godkjend av NSD (Norsk Senter for Datasikkerhet).

Resultat og konklusjon

Resultata frå studiet er sprikande. Fire pedagogar erfarte at *Grønne tanker – glade barn* er eit nyttig og praktisk verktøy til bruk i barnehagen, medan tre pedagogar var relativt kritiske til programmet.

Verktøyet kan vere god støtte for personalet i arbeidet med å utvikle barn sitt kjenslespråk, men kunnskap er avgjerande for å bruke det metodisk riktig. Gjennom større fokus på psykisk helse og fokus på å stimulere barn sitt tanke – og kjenslemedvit, trur informantane at verktøyet kan ha ein førebyggjande effekt.

Pedagogane erfarte psykiske og fysiske reaksjonar hos barn ved bruk av programmet. Det kom fram kritikk av fargebruken og terminologi, og bruk av programmet for barn i risiko for språk- og psykososiale vanskar. Kompleksitetar i barnegrupper gjer at programmet må individ- og gruppetilpassast. Studiet viser mangel på systematiske evalueringar og satsing i heile barnehagen. Det trengs meir forskning på programmet sin psykisk helsefremmande og førebyggjande effekt

Abstract

A Qualitative Study of an Educator's Experience with Psychological First Aid in Preschool

Objectives and Questions

The objective of the study is to highlight what experiences teachers have with *Psychological First Aid - Green thoughts - Happy kids* in preschool.

Psychological health has gained greater focus in the last few years, which has become more evident in the Framework for Kindergarten 2017 under the subject of Life Skills and Health (Utdanningsdirektoratet, 2017). Approximately 15-20% of kids under the age of 18 years old struggle with psychological issues (Mathiesen et.al., 2009), therefore goal oriented steps in the early years of preschool and elementary have become critical.

Green thoughts - happy kids is a universally preventative program for kids between 4-7 years old. Its meant to contribute to a child's thoughts and emotional awareness and is a theoretical anchor in cognitive behavioral therapy (CAT). The program has spread in preschools throughout Norway. My interest for this topic has brought me to this issue:

What experiences do teachers have with psychological first-aid in preschool?

To research this issue, I've chosen four questions:

- What impressions do the participants have about psychological health and prevention in preschool?
- What impressions do the participants have regarding *Psychological first-aid Green thoughts – happy kids* as a psychological health preventative tool?
- Is the program executed as intended?
- What criticisms did the participants have?

Method, Participants, and Analysis

A qualitative research method was used to go deeper into the case of psychological first-aid from a fenomenological perspective. The participants are 7 preschool teachers with a course or training in *Green thoughts – happy kids* and with or without a special education background.

This research is partly based on Berit Helle Halebrekke's (2018) master thesis. The data collection was

done through a semi structured interview method. The recordings were transcribed to text which formed the foundation for first-hand findings and theme centered analysis. The interpretation was done through analytical approximation to the text. Structuring and coding of the data was done through the data handling program Nvivo 12.

The project is approved by *NSD* (Norwegian Center for Data Security).

Results and Conclusion

The results from the study are inconclusive. Four of the teachers experienced that *Green thoughts – happy kids* is a useful and practical tool to use in preschool, and three teachers were critical. The program can assist personel in working with developing children's emotional awareness, but technique and knowledge of the program is critical in getting the wanted result or effect. Through greater focus of psychological health and focus on stimulating a child's thought process and emotional awareness, the participants claim that this program can have a preventative effect.

While using this program, the teachers experienced the children having both psychological and physical reactions. The choice of colors and terminology were criticized plus using this program with high risk children with language and psychosocial difficulties is deemed not optimal.

Complexities within the groups of children make it necessary to tailor it to individual and group needs. The research shows a lack of systematic evaluation and implementation in the entire preschool. More research is needed on the program's psychological health promoting benefits.

Førord

Arbeidet med masteroppgåva har vore ein lang, krevjande og lærerik prosess. Det har vore lange timar foran PC, med katten i fanget og kaffi i koppen. Eg har jobba med eit tema som interesserer meg; psykisk helse hos barnehagebarn.

Tema *Livmeistring og helse* i Rammeplan frå 2017 stadfestar barnehagen sin helsefremmande og førebyggjande funksjon. Det handlar om å gje barn trygge, gode vilkår for leik, trivsel, meistring og livsglede.

Psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn* er eit universalførebyggjande program for barn mellom 4-7 år som har relativt stor utbreiing i barnehagar i Noreg. Erfaringar som pedagogar har gjort med dette programmet er utgangspunktet for masteroppgåva mi.

I sommar sat eg i skrivestua mi på vakre Reine i Lofoten, og kikka opp på det bratte fjellet Reinebringen. 448 m.o.h. Stien opp fjellet blir som metafor på masteroppgåva mi; bratt, tungt å gå opp, og ein har mest lyst å snu. Eg kom meg opp fjelltoppen - og i mål med masteren til slutt. Ein stor takk til sambuaren min Jan Inge som har støtta meg heile vegen, og stor takk til min fantastiske familie, verner og kollegaer som har muntra meg opp. Takk til informantane som gjorde dette mogleg og stor takk til rettleiaren min Kirsten Helen Flaten, andre tilsette ved HVL og medstudentar for konstruktive tilbakemeldingar.

Tone Vigdis Olsen, 20.desember 2019

Innhald

SAMANDRAG	I
Abstract	III
1 Innleiing	1
1.1 Presentasjon av bakgrunn og tema	1
1.2 Tidligare forskning i feltet	2
1.3 Avgrensing og forskingsspørsmål	3
1.4 Definisjonsavklaringar	3
1.5 Vidare påbygging av masteroppgåva	5
2 Teori.....	6
2.1 Psykisk helse	6
2.2 Førebygging og tidleg innsats	7
2.3 Rammeplan for barnehagen og barnehagelova.....	8
2.3.1 Omsorg og relasjonar i barnehagen	8
2.3.2 Inkludering i barnehagen	8
2.3.3 Barnehagen som pedagogisk verksemd	9
2.3.4 Barnehagen og samarbeid med foreldra.....	9
2.4 Kvalitet i barnehagen.....	9
2.5 Psykologisk førstehjelp.....	10
2.6 Teorigrunnlag bak Psykologisk førstehjelp <i>Grønne tanker – glade barn</i>	10
2.6.1 Kva førstehjelpsskrinet inneheld	10
2.6.2 Sjølvhjelpsstrategiar som barna lærer i <i>Grønne tanker – glade barn</i>	11
2.6.3 Kognitiv atferdsterapi (KAT)	11
2.7 Berit Helle Hatlebrekke si masteravhandling	11
2.8 Sosialkonstruktivistisk utviklingsteori	12
2.9 Utvikling av sjølv- og emosjonsregulering.....	13
2.10 Mentalisering.....	13

2.11 Transaksjonsmodellen.....	13
2.12 Sosial læringsteori	14
2.13 Kritikk av omgrepa «livsmeistring» og «tidleg innsats» i skule og barnehage.....	14
2.14 Kritikk av universalførebyggjande program	14
2.15 Kritikk av konseptet psykologisk førstehjelp.....	16
3 Metode	18
3.1 Vitskapsteoretiske tilnærmingar og forskingsmetoder.....	18
3.1.1 Forsking	18
3.1.2 Kvalitativ og kvantitativ forskingsmetode	18
3.1.3 Fenomenologi.....	19
3.1.4 Hermeneutikk.....	19
3.1.5 Tolking på ulike nivå frå eit hermeneutisk perspektiv	19
3.1.6 Kritisk teori og forskaren sin førforståing.....	19
3.2 Forskingsetikk	20
3.2.1 Tre etiske retningsliner for forskingsetikk.....	20
3.2.2 Etske dilemma ved temasentrert analyse	21
3.3 Søknad til NSD	21
3.4 Studien sitt design	21
3.5 Val av metode.....	22
3.5.1 Delvis replikasjon.....	22
3.6 Utval og rekruttering	22
3.7 Semistrukturert intervjumetode	23
3.7.1 Utforming av intervju	23
3.7.2 Pilot.....	23
3.7.3 Gjennomføring av intervju	23
3.7.4 Feilkjelder som kan ha påverka intervjusituasjonen	24
3.7.5 Telefon – og videointervju.....	24
3.8 Strukturering og analyse av intervjudata	24

3.8.1 Transkribering.....	25
3.8.2 Temasentrert analyse.....	25
3.8.3 Prosessen i temasentrert analyse:	25
3.8.4 Strukturering av datamateriale ved Nvivo12	26
3.8.5 Koding av datamaterialet	26
3.9 Tolking av datamaterialet.....	26
3.10 Datakvalitet	26
3.11 Reliabilitet.....	27
3.12 Validitet	27
4 Presentasjon av resultat.....	30
4.1 Presentasjon av informantane	30
4.2 Psykisk helse og førebyggjande psykisk helsearbeid.....	31
4.3 Tidleg innsats.....	32
4.4 Implementering og kurs i <i>Grønne tanker – glade barn</i> i barnehagen.....	33
4.5 Erfaringar med førstehjelpsskrinet.....	34
4.6 Bruk av <i>Grønne tanker – glade barn</i> i arbeid med enkeltbarn og i spontane situasjonar	37
4.7 Refleksjonar rundt fargesymbolikken i programmet	38
4.8 Tenkebamsene <i>Rød</i> og <i>Grønn</i>	39
4.9 Fysiske og psykiske reaksjonar hos barn ved bruk av verktøyet	40
4.10 Kan psykologisk førstehjelp bidra å oppdage barn i risiko?	41
4.11 Psykologisk førstehjelp med minoritetspråklege	42
4.12 Psykologisk førstehjelp som omgrep.....	42
4.13 utfordringar ved gjennomføring av <i>Grønne tanker – glade barn</i>	42
4.14 Evaluering av <i>Grønne tanker - glade barn</i>	42
4.15 Oppsummering.....	43
5.1 Drøfting av delforskingsspørsmål 1	44
Kva refleksjoner har pedagogane om psykisk helse og tidleg innsats i barnhagen?	44
5.2 Tidleg innsats i barnehagen.....	46

5.3. Verdien av teamarbeid i arbeid med tidleg innsats	47
5.4 Foreldresamarbeid	47
5.5 Drøfting av delforskingsspørsmål 2	48
Psykologisk førstehjelp som verktøy i tidleg innsats.....	48
5.5.1 Implementering av Grønne tanker – glade barn i barnehagen.....	48
5.5.2 Førebuing og gjennomføring av samlingsstunder med <i>Grønne tanker – glade barn</i>	49
5.5.3 Frekvens temasamlingar med Grønne tanker – glade barn.....	50
5.5.4 Kva har storleiken på barnegruppa å bety for kvaliteten av gjennomføringa av GT- GB?.....	50
5.5.5 Fysiske og kjenslemessige reaksjonar som kan oppstå under samlingstunder med GT-GB.....	50
5.6 Informantane sine refleksjonar rundt nytteverdien av <i>Grønne tanker – glade barn</i>	51
5.7 Minoritetskulturelle barn	51
5.8 Kva tenkjer du om <i>Grønne tanker – glade barn</i> og barn du har bekymring for?	51
5.9 Den vaksne si rolle for barn si utvikling av sjølv – og emosjonsregulering via GT-GB	52
5.10 Programmet sin verknad på vaksne sine handlingar	53
5.11 Drøfting av delforskingsspørsmål 3	54
Blir Grønne tanker – glade barn gjennomført etter intensjonen?	54
5.12 Drøfting av delforskingsspørsmål 4	55
Kva kritikk kjem fram frå informantene?	55
5.13 Oppsummering.....	56
6 Avslutning og konklusjon.....	58
6.1 Sentrale funn i forkinga	59
6.2 Avsluttande refleksjonar	60
Referanser	XII
Vedlegg 1	XV
NSD sin vurdering	XXIV
Vedlegg 1 Informasjon til barnehagar	
Vedlegg 2 Skjema om informert samtykkje	
Vedlegg 3 Intervjuguide	

Vedlegg 4 Døme på kategorisering av temasentrert analyse

Vedlegg 5 Søknad til NSD

1 Innleiing

I dette kapittelet vil eg presentere bakgrunn, tema og undersøkinga si relevans og føremål. Deretter vil eg presentere forskinga si problemstilling og delforskingsspørsmål. Avslutningsvis blir det gjort greie for oppgåva si avgrensing og struktur.

1.1 Presentasjon av bakgrunn og tema

Så og si alle barn i Norge går jo i barnehage, det meste av dagen, fem dager i uka i flere år – viktige år. Det du legger igjen av omsorg, trøst, ømhet, glede og latter kommer ut igjen som psykisk helse og mestring hos barna du jobber med. Din evne til å se hva barna trenger, og gi dem det, din vilje til å reflektere over og videreutvikle deg selv som omsorgsperson, bidrar til den psykiske helsen i befolkningen, intet mindre. Grunnen er at summen av menneskers erfaringer gjennom de første leve årene i så stor grad former hvem de blir og hva de mestrer som voksne.

(Brandsæg, Torsteinson, & Øiestad, 2014, s. 13).

Eg har valt Psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn* og førebyggjande psykisk helsearbeid i barnehagen som tema for masteroppgåva mi. Bakgrunnen for at dette er aktuelt å forske på er at førekomsten av psykiske helsevanskar hos barn og unge ligg på 15-20 % i Noreg (Mathisen, 2009). I følge Folkehelseinstituttet (FHI, 2018) er psykiske helseutfordringar årsaker til at mange elevar droppar ut av den vidaregåande skulen. Som eit ledd i dei nasjonale målsettingane om tidleg innsats (NOU, 2012) har mange kommunar valt å innføre førebyggjande program i barnehage og skule. Som følgje av eit problemfokusert syn på tidleg innsats hevdar svensk forskning (Bartholdson & Hultin, 2015) at det skjer framvekst av ein terapeutisk kultur. Dette perspektivet ser på barnet som sårbart med behov for terapi. Forskarane hevdar at terapitimane blir flytta frå terapierommet inn i skule- og barnehagearenaen der «alle» barn blir gjenstand for terapi (Pettersvold & Østrem, 2019).

Livsmeistring og helse på agendaen i barnehage og skule

Pettersvold og Østrem (2019) meiner at «Livsmeistring og helse» som tema i barnehage og skule kan skape større press på sjølvrealisering og krav om at barn og unge skal løyse eigne livsvanskar. Førebyggingfokuset har skapt framvekst av det som Pettersvold og Østrem (2019) kallar for «bekymringsindustri». Dette hevdar dei har ført til stor utbreiing av universalførebyggjande program som programutviklarar tener pengar på. Mange av programma har lite kunnskap i praksisfeltet, noko som gjer at dei ikkje er tilpassa skule – og barnehagekonteksten (Pettersvold & Østrem, 2019). To kjenneteikn ved slike program er at dei framstår som universalførebyggjande og «quick fix» for å førebygge «vanskelege» barn. Dei kritiserer slike program for å bere fram ein kognitiv tradisjon der tankar

og kjensler blir reduserte til effektiv sjølvstyring, utan at ein går i djupna bak problema til barnet (Pettersvold & Østrem, 2019). I tillegg problematiserer dei manualbaserte program for å ha eit skeptisk syn på profesjonsutøvarane sitt skjønn som devaluerer deira kompetanse (Pettersvold & Østrem, 2019). Problematikkane som Pettersvold og Østrem tek opp vil bli belyst gjennom teori og drøfting i kapittel 2 og kapittel 5

1.2 Tidligare forskning i feltet

For å skaffe evidensbasert kunnskap og empirisk støtte til masteroppgåva mi, gjorde eg søk etter fagfelleverderte vitenskaplege artiklar i Noreg og internasjonalt. Systematiske litteratursøk vart gjort via søkemotorar som BIBSYS, Oria, Idunn, CHRiStin, SweaMed, AIPC Library, forebygging.no, psykologisk.no, og Google. Artiklar som vart inkluderte var studiar om førebyggings- og intervensjonsmetodar for barn i barnehagealder. Litteraturgjennomgang blei gjort tidsskrifter som *Tidsskrift for den norske psykologforening*, *Tidsskrift for nordisk barnehageforskning*, *Norges barnevern*, *PLOS ONE*, *Psykolog i kommunen*, *Scandinavian psychologist*, *Educational psychology*, *European Child and Adolescent Psychiatry*, *The family journal*, *Tidsskrift for norsk psykologforening*, *International Journal of Psychology*, *American Academy of Child and Adolescent Psychiatry*, *The Journal of Child Psychology and Psychiatry*.

Nøkkelord «Forebygging», «barn», «children» «tidlig innsats», «barnehage», «nurseries» «psykisk helse», «mental health», «early intervention», «psykologisk førstehjelp», «psychological first aid», «kognitiv atferdsteori», «intervensjon

Funn frå Plummer et al. (2009) sitt studie viste at barna fekk oppleving av psykisk lette etter tiltak med psykologisk førstehjelp. Førebyggingsprogrammet Cool Little Kids (CLC) er eit kortvarig foreldrerettleiingsprogram som er basert på kognitiv atferdsterapi som har målsetting å førebygge angst hos barn mellom 3-5 år, og har vist seg effektiv i handsaming av angst (Rapee m.fl, 2010).

Funn frå mi eiga kunnskapsoppsummering syner at det er ikkje gjort forskning på *Grønne tanker – glade barn* som kan validere mi eiga forskning. Difor valte eg å samanlikne funna som Berit Helle Hatlebrekke (2018) gjorde i sitt studie.

Eng og Ulvund (2016) si kunnskapsoppsummering av *Grønne tanker – glade barn*. Resultata viste at det er ikkje gjort evidensbasert forskning på programmet. Tiltaka i programmet har god teoretisk og empirisk forankring gjennom kognitiv atferdsteori, men det er ikkje gjort effektstudier av programmet. Effektene av tiltaka av programmet blei vurdert som nivå 2, som eit teoretisk grunngeve tiltak (Eng & Ulvund, 2016). Eng og Ulvund nemner også at det tilbys lite

implementeringsstøtte og systemer som sikrer god kvalitet på implementeringene, noko som kan føre til ulik praksis i ulike barnehagar. Dette har betydning av effektene av *Grønne tanker – glade barn* (Eng & Ulvund, 2016).

1.3 Avgrensing og forskings spørsmål

I masteroppgåva mi har eg har valt å studere bruk av det universalførebyggande programmet *Psykologisk førstehjelp Grønne tanker – glade barn for å finne ut korleis pedagogar nyttar metoden i førebyggande arbeid i barnehagen*. Programmet er utvikla av psykologispesialist Solfrid Raknes og kollegaer. Verktøyet er brukt for å fremje «hjelp til sjølvhjelp» for barn i alderen 4-7 år. Teorigrunnlaget bak programmet vil bli greidd ut kapittel 2 i oppgåva.

Hovudforskingsspørsmål:

«Kva erfaringar har pedagogar med Psykologisk førstehjelp i barnehagen?»

Delforskingsspørsmål:

1. Kva refleksjonar har informantane om psykisk helse og tidleg innsats i barnehagen?
2. Kva refleksjonar har informantane om Psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn* som verktøy i psykisk helseførebyggande arbeid?
3. Blir programmet gjennomført etter intensjonen?
4. Kva kritikk kjem fram frå informantane?

Føremåla med delforskingsspørsmåla er å gå i djupna av pedagogane sine røymsler med *Grønne tanker – glade barn* og førebyggande psykisk helsearbeid i praksis. Desse to tema vil gå inn i kvarandre. Kritikk av av programmet vil bli drøfta avslutningsvis.

Avgrensing av oppgåva

Trygge relasjonar er viktig for barn si psykisk helse og dannar vidare grunnlag for lek, læring og meistring. Tema som samarbeid mellom heim og barnehage, risiko- og beskyttande faktorar blir ikkje sett lys på i oppgåva på grunn av oppgåva sitt omfang. Målet ved studiet er å forske på bruken av psykologisk førstehjelp i førebyggande psykisk helsearbeid.

1.4 Definisjonsavklaringar

I FHI sin rapport (2011:2) blir psykisk helse definert som;

Psykisk helse refererer til utvikling av evne til å mestre tanker, følelser, atferd og hverdagens krav forhold til ulike livsaspekter. Det handler om emosjonell utvikling, evne til velfungerende sosiale relasjonar, evne til fleksibilitet med mer.

(Norsk folkehelseinstitutt, 2011; Flaten, 2015, s. 18).

Tidlig innsats

Dette kan karakteriseres som tidlig innsats for å gi best mulig vilkår for de positive lærings- og utviklingskrefter som finnes hos alle. Her er det således tale om tiltak av første rang, som iverksettes til barnas beste. Forebygging kan være tiltak som settes inn for å skape gode og trygge forhold tidlig i livsløpet, især ved støttetiltak for familier når hjemmeforholdene vurderes som kritiske.

(Befring & Tangen, 2012, s. 49).

Førebygging og tidleg innsats i offentlege dokumenter som i NOU 2012: 1 Til barnas beste;

(...) ei viktig målsetting[...]er å førebygge der det er mogleg. Større vekt skal leggest på førebyggjande og helsefremmande tiltak, tidleg innsats og intervensjon frå kommunale tenester».

Straand (2011, s.37).

WHO si definisjon på psykologisk førstehjelp

(...) for distressed people who have been recently exposed to a serious crisis event. You can both provide help to both children and adults. However, not everyone experiences a crisis event will need or want PFA. Do not force help on people who do not want it, but make yourself easily available to those who want support (WHO, 2011, s. 4).

Kjenslesmedvit (bokmål: følelsesbevissthet)

I følge Monsen et al. (1996):

«Med følelsesbevissthet menes 1) identifikasjon 2) toleranse 3) kroppsspråk og 4) verbale uttrykk for det man selv føler og den andre føler. Følelsesbevissthet økes ved at følelser blir gjenkjent, akseptert, og satt ord på, og utvikling av følelsesbevissthet har positiv sammenheng med psykisk helse» (Monsen m.fl 1996, i: Raknes, 2014, s. 45).

Tanker

«Tanker er bearbeiding av informasjon som man tar inn gjennom sansing». (Raknes , 2017, s. 45).

Tilknytning

John Bowlby (1969) definerer tilknytning som

«Lasting psychological connectedness between human beings».

(Bowlby, 1969, s.194).

Tilkytingsatferd

«Enhver atferd som fører til at en person oppnår eller opprettholder nærhet til en annen klart identifisert person som blir oppfattet som bedre i stand til å hanskens med verden».

(von Tetzchner, 2012, s. 541).

1.5 Vidare påbygging av masteroppgåva

Kapittel 1 - Problemstilling og føremål.

Kapittel 2 – Teoribakgrunn

Kapittel 3 – Metode

Kapittel 4 – Presentasjon av resultat

Kapittel 5 – Drøfting

Kapittel 6 – Konklusjon og avslutning

2 Teori

I dette kapittelet vil eg presentere teori for å setje lys på hovudforskingsspørsmålet «Kva erfaringar har pedagogar med psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn* i barnehagen?». Først blir det gjort greie for teori rundt psykisk helse og FHI- rapporter om psykisk helse og førebygging. Deretter vil eg utdjupe teorigrunnlaget bak konseptet Psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn* av Solfrid Raknes. Til slutt vil eg gjere greie for kritikk av manualbaserte program og kritikk av *Grønne tanker – glade barn*.

2.1 Psykisk helse

I følge Kirsten Flaten (2019) er psykisk helse et stort omgrep som gjeld heile mennesket, så vel vaksne som barn. Omgrepet psykisk helse er nøytralt og inkluderer både god og dårleg psykisk helse og er jamstilt med den fysiske helsa. Ei god psykisk helse dreiar seg om å tole kvardagen sin normale «stress» og motgang, oppleving av tryggleik, meistring, nærleik og livsglede og det å fungere saman med andre. Ei dårleg psykisk helse er motsett av dette og hemmar individet sin funksjon i kvardagen (Flaten, 2019).

Psykiske helse på dagsorden i barnehagen

Psykisk lidning har tradisjonelt vore tabu i samfunnet, men eit større fokus i dei seinare åra har ført til nedbryting av fordomar. Dette syner seg blant anna ved at «livsmeistring og helse» har blitt innført som tema i barnehagen sitt innhald og arbeidsoppgåver i Rammeplan for barnehagen 2017 (Utdanningsdirektoratet, 2017). Her stadfestast barnehagen si helsefremmande og førebyggande verksemd. Barnehagen si rolle er å utjamne sosiale skilnader og arena for stimulering av psykisk og fysisk helse, livsglede, meistring, kjensle av eigenverd, førebygging av krenking og mobbing (Utdanningsdirektoratet, 2017).

Folkehelseinstituttet sin rapport om livskvalitet og psykiske lidningar hos barn og unge frå 2018

Folkehelseinstituttet sin rapport (2018) under «Livskvalitet og psykiske lidelser hos barn og unge» syner til Heiervang (2007) og Wichstrøm (2011) sine studiar frå Bergen og Trondheim at om lag 7 % barn i førskule- og skulealder har symptom på psykisk lidning på undersøkingstidspunktet. Dei vanlegaste psykiske lidningane i barneåra er åtferdsforstyrringar, depresjonar og angstlidningar. Førekomst av depresjonar og angst aukar i ungdomsåra. I følgje FHI (2018) sin rapport om barn og unge si helse, oppvekst og vilkår, heng fråfall i vidaregåande skule saman med psykiske helseproblem. Ungdom med psykiske problem, spesielt ADHD, rusmiddelrelaterte vanskar, angst og ulike åtferdsforstyrringar droppar oftare ut av skulen enn andre (FHI, 2018). Av desse rapportane kan ein argumentere for at

det er viktig å setje fokus på psykisk helse i barnehage og skule. Psykiske helsevanskar omfattar ei høveleg stor gruppe barn. I følgje Mathisen mfl. (2009) gjeld dette om lag 15-20 % barn under 18 år (Flaten, 2019).

FHI sin rapport frå 2018 under «Familie og omsorg», syner at ni av ti to-åringar går i barnehage og at 88 % av desse bur i lag med begge foreldra dei to fyrste leveåra. Om lag 40 % av alle barn opplever samlivsbrot i løpet av barndomen (SSB, 2017; FHI, 2018). Desse tala gir ein peikepinn på at mangebarn i skule- og barnehagealder kan møte utfordringar og omveltingar i livet som kan påverke den psykiske helsa.

FHI i sin artikkel om risiko- og beskyttande faktorar for psykiske lidningar slår fast at;

«Stort sett er det enighet om at en trygg tilknytning til omsorgspersoner i barndommen har betydning for senere psykisk helse» (Folkehelseinstituttet, 2018).

Barnehagepersonale kan sjåast på som viktige, sekundære omsorgspersonar for barn med tanke på at nesten alle barn går i barnehage. Barnehagepersonalet har stor påverknad i høve til barn si psykiske helse. Dette peikar også Brandsæg, Torsteinson og Øiestad (2014) på:

Det du legger inn av omsorg, trøst, ømhet, glede, latter, kommer ut igjen som psykisk helse og mestring hos barna du jobber med. Din evne til å se hva barna trenger, og gi dem det, din vilje til å reflektere og videreutvikle deg selv som omsorgsperson, bidrar til den psykiske helsen i befolkningen, intet mindre. Grunnen er at summen av mennerskers erfaringer gjennom de første leveårene i stor grad former hvem de blir og hva de mestrer som voksne

(Brandsæg, Torsteinson, & Øiestad, 2014, s. 13).

2.2 Førebygging og tidleg innsats

FHI rapport om førebyggjande og helsefremjande tiltak

I FHI sin rapport (2018) om barn og unges psykiske helse, førebyggjande og helsefremjande folkehelseiltak, syner ei kunnskapsoversikt over psykisk helseførebyggjande program at mange familieretta tiltak grensar mellom terapi og førebygging. To systematiske kunnskapsoppsummeringar av tiltak med mål om å styrke foreldredugleikar synte psykisk helsefremjande effekt hos barna. Funn i rapporten synte få oppsummeringar med eit helsefremjande fokus. Konklusjonen i rapporten synte behov for meir forskning av effektive tiltak for å førebygge psykiske lidningar og for å fremme psykisk helse hos barn og unge (Folkehelseinstituttet, 2018).

Sentrale forskarar peikar på barnehagepersonalets rolle i arbeid med tidleg innsats. Øyvind Kvello (2010) og vektlegg at tilsette må ha god kunnskap om barn, utvikling, tilrettelegging for gunstige utviklingvilkår, evne til å oppdage barn i risikosona for uheldig utvikling, og setje inn hjelpetiltak for å motverke dette (Kvello (2010a, s.26). Terje Ogden (2015) hevdar at tidleg intervensjon handlar om å

identifisere sårbare barn som står i fare for å utvikle ulike fysiske, kognitive og/eller sosio-emosjonelle vanskar ved bruk av ulike kartleggingsmetoder. Tiltak kan setjast inn på tre ulike nivå; Befolkingsretta (universell), grupperetta (selektiv) og individretta (indisert) førebygging (Ogden, 2015).

Nasjonalt råd for prioriteringar i helsevesenet (2003) ga uttrykk for at alle instanser som har barn i sin praksis må styrkast for å forenkle identifisere psykiske helsevansker hos barn. Rådet tilrådde tiltak med dokumentert effekt og tilrår bruk av førebyggingsprogram og tidleg intervensjon på gruppenivå (Ogden, 2015).

Det finnst mange program som er retta mot barn som er basert på kognitiv atferdsterapi. Rapee m.fl. tilrår å bruke kortvarige, kostnadseffektive program for å sikre at dei blir ført vidare i dagleg praksis etter forskingsutprøving (Flaten, 2010).

2.3 Rammeplan for barnehagen og barnehagelova

Barnehagelova §1 stadfestar at barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk tradisjon og arv. Desse verdiane handlar om respekt for menneskeverd, natur, nestekjærleik, åndsfridom, tilgjeving, solidaritet. Dette kjem til uttrykk i ulike livssyn og religionar, som er forankra i menneskerettane. Barnehagelova sitt verdigrunnlag er tufta på internasjonale konvensjonar, blant anna FN-konvensjonen av 20.november som Noreg har slutta seg til (Utdanningsdirektoratet, 2017).

2.3.1 Omsorg og relasjonar i barnehagen

Barnehagen skal leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barnet og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjere barna til mottakarar av omsorg, men som og verdset omsorgshandlingane til barna.

(Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 19).

2.3.2 Inkludering i barnehagen

I Rammeplan for barnehagen (2017) handlar inkludering om at barn skal få delta sosialt og at innhaldet må formidlast med tanke på at ulike barn får delta etter egne behov og føresetnader. Tidleg innsats for enkelbarn skjer ved målretta og systematisk arbeid. Barn med behov for spesialpedagogisk hjelp har rett til å bli inkludert i barnegruppa og i det allmenpedagogiske arbeidet (Utdanningsdirektoratet, 2017).

2.3.3 Barnehagen som pedagogisk verksemd

I Rammeplan kapittel 7 står det at foreldre og barn har rett til medverking i planleggingsprosessene i den pedagogiske verksemda. Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon der planlegging skal byggast på kunnskap om barn og barn sin trivsel, systematisk vurdering, gjennom samtalar med barn og foreldre, observasjon, dokumentasjon og refleksjon (Utdanningsdirektoratet, 2017).

2.3.4 Pedagogisk leiar si rolle

Den pedagogiske leiaren i barnehagen har ansvar for å utføre og leie det pedagogiske arbeidet etter fagleg skjønn og skal rettleie, oppfylle barnehagelova og rammeplan sine mål gjennom det pedagogiske arbeidet. Andre arbeidsoppgåver knytt til pedagogrolla er dokumentasjon, planlegging, gjennomføring, samt vurdere og utvikle arbeidet i barnegruppa. (Utdanningsdirektoratet, 2017).

2.3.4 Barnehagen og samarbeid med foreldra

I lov om barnehagar av 2005 heiter det i formålsparagrafen §1, første ledd:

«Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings-og aktivitetsmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas heim». (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 29).

2.4 Kvalitet i barnehagen

Stortingsmelding nr. 41

Barnehagar med høg kvalitet kjenneteiknast ved at dei har små barnegrupper, stabilt personale med tilstrekkeleg god utdanning, personlege dugleikar, lett tilgang til rettleiing frå kommunepsykolog eller anna helsepersonell med kompetanse på psykisk helse (Meld. St. 41, 2008-2009)

Kvalitet i barnehagen for dei minste handlar om evne til å knyte seg til ein eller fleire tilknytingsrelasjonar for å skape tryggleik og redusere stress. Kvalitet i barnehagen handlar om varme, støttande og omsorgsfulle vaksne som gjev merksemd på barna sine verbale – og non verbale uttrykk og behov, og som stimulerer deira nyfikenheit på å utforske verda (Brandsæg, Torsteinson, & Øiestad, 2014).

I følgje Holthe (2012) treng samfunnet høgkvalitetsbarnehagar. Frå eit folkehelseperspektiv har barnehagane ei unik rolle som samfunnspåverkar. Barndomen er arena for barn si grunnleggande utvikling og haldningar dannast gjennom lek og læring (Raknes, 2014).

«Høykvalitetsbarnehager er langtidsinvestering i mental kapital og samfunnets framtid. Investering gir avkastning gjennom lange og gode livsløp. Høykvalitetsbarnehage gir bedret folkehelse» (Raknes, 2014, s. 45).

2.5 Psykologisk førstehjelp

I følge Verdens Helse Organisasjon (WHO) er psykologisk førstehjelp er ein intervensjonsmetode som blir brukt for handtering av menneskjer i alvorlege krisehendingar, som krig, naturkatastrofar, overgrep og vald. Intervensjonen utførast direkte etter krisa. Psykologisk førstehjelp handlar om å gje menneskjer hjelp til å oppleve tryggleik, kontakt med andre, kjenne ro og kjensle av håp, tilgong til sosial, fysisk og emosjonell støtte, kjenne seg i stand til å hjelpe seg sjølve både individuelt og i samfunnet (WHO, 2011).

I følge Dieltjens, Moonens, Van Praet, & de Buck (2014) finnast det ingen gode retningslinjer for korleis psykologisk førstehjelp skal utøvast.

2.6 Teorigrunnlag bak Psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn*

Psykologspesialist Solfrid Raknes (2017) var hovudansvarleg for å utvikle programmet *Grønne tanker – glade barn* i samråd med aktørar frå helsevesenet, i barne – og familievern, fagpersonar frå barnehagefeltet og i samarbeid med organisasjonen Voksne for barn. Programmet er eit verktøy for barnehageansatte og helsepersonell til bruk for barn mellom 4 -7 år. Dette er eit universalførebyggande program for alle barn i barnehagen, til bruk både individuelt og små grupper i samråd med foreldre og andre i støttepersoner rundt barn med spesifikke vanskar. Det er opp til personalet i barnehagen og foreldra å vurdere om programmet passar til enkeltbarn (Raknes, 2014). Metoden har basis i kognitiv atferdsteori (KAT). Målsettinga er å hjelpe barn til å takle både vanskelige og positive kjensler, og øve seg på å identifisere positive tankar og negative automatiske tankar (NAT) og utvikle språk for kjensler. Ved å lære meistringstrategier frå programmet kan barna øve seg på gjere gode val i kvardagen når vanskelege tankar og kjensler oppstår. Programmet kan hjelpe barn til å fremje gode haldningar til seg sjølv og andre, betre evna til eigenomsorg og prososial åtferd.

Programmet skal ikkje opplevast som ei «tvangstrøye». Ein kan bruke delar av det eller bruke det gjennomgåande frå perm til perm, og det skal lesast, lærast og leikast inn av kompetente vaksne. Verktøyet kan brukast fleksibelt med andre pedagogiske opplegg.

Raknes har også medverka til å utvikle psykologisk førstehjelpsskrin for barne-, ungdomstrinnet og for den vidaregåande skulen. Det er også utviklet ein app, «grønne maur» på salaby.no.

2.6.1 Kva førstehjelpsskrinet inneheld

- Rettleiingshefte for vaksne
- Flippover med tekst og illustrasjonar for framvising i samlingstunder
- To bamsar, tenkebamsane «Rød» og «Grønn».

- Lesebok for barn med tre historier og foreldrerettleiing

Flippover med tekst og illustrasjonar brukast til 18 samlingsstunder med tematikk kring tankar og kjensler. Kjenslene glad, sint, redd, trist, flau og stolt er tematiserte og kan visast på PowerPoint presentasjon, flippover, gjennom rollespel, lesebok og praktiske øvingar.

Raknes vektlegg at dialogisk lesing av forteljningane må vere på barna sine premisser. Tenkebamsen Rød symboliserer og konkretiserer problematiske kjensler som sinne, frustrasjon, skam, sorg, og redsel. Tenkebamsen Grønn illustrerer positive kjensler som: glede, stoltheit og meistring.

2.6.2 Sjølvhjelpsstrategiar som barna lærer i Grønne tanker – glade barn

Generelt: barn og vaksne reflekterer og samtaler rundt tematikk tankar og kjensler. Barna øver seg på å identifisere og setje ord på kjensler gjennom å sjå på bilete i lesebok, på plakat, flippover og Power Point gjennom lesing, samtale og rollespel. Tenkebamsane brukast i samlingstunder ved at dei løftast opp for å konkretisere raude eller grønne tankar. Barna skal trene på å automatisere grøntankar gjennom felles munnleg gjentakning i barnegruppa, t.d. «Dette klarer eg med litt øving» o.l. Metoden «Grøn pause»: Finne ein rolig, trygg stad – puste tre gonger langsamt for å roe seg ned Øving for å bli mindre sint: Putte hendene i lomma – Seie orda «ikkje slå, men gå!». Avslappingsøving på matte for å roe seg ned. Telje til ti, fortelje til ein vaksen, puste med magen, kose med eit kosedyr, setje seg på fanget til ein vaksen (Raknes, 2014).

2.6.3 Kognitiv atferdsterapi (KAT)

Programmet har fagleg basis i grunnleggande utviklingsteori og i kognitiv atferds tilnærming (KAT) som er ein metode som har vist å vere effektiv for å førebygge psykiske helsevanskar. I følge Aaron Beck er det grunnleggande i KAT- metoden at tankeinnhald og tankeprosessar påverkar kjensler (Beck, 2011). For at endring av åtferd skal skje kan KAT-metoden hjelpe barn til å registrere tankeinnhald og tankeprosessar i seg sjølv, som fremjar tryggleik og minskar unødvendige tankar (Raknes, 2014).

2.7 Berit Helle Hatlebrekke si masteravhandling

Hatlebrekke (2018) har forska på kva erfaringar barnehagelærarar har gjort med *Grønne tanker – glade barn i barnehagen* i eit førebyggjande perspektiv. Funn i studiet syner at informantane set fokus på relasjonskvalitet. Programmet har skapt større medvit om at det er viktig å setje ord på kjensler og for å danne eit felles språk. Informantane trur at dette vil ha førebyggjande effekt i høve til auka trivsel og tryggleik som resultat av at barn opplever å blir sett og forstått (Hatlebrekke, 2018). Funna syner også at det er viktig å bruke tid på å setje seg inn i konseptet for å få ei felles forståing, noko som er

avgjerande for vidare arbeid. Funna syner at barnehagelærarar har for lite tid til å setje seg inn i programmet, mangel på tid til rettleiing av personale og mangel på pedagogisk bemanning. Funna syner at dersom kunnskapen om programmet ikkje er god nok kan det bli brukt metodisk feil og få preg av instrumentalisering (Hatlebrekke, 2018).

2.8 Sosialkonstruktivistisk utviklingsteori

Stephen von Tetzchner (2012) viser til den sosialkonstruktivistiske tradisjonen etter Lev Vgotsky (1935) sine arbeider har hatt stor påverknad på pedagogisk teori og praksis. Dette perspektivet tek utgangspunkt i barn si erkjenning, kognisjon og internalisering av kulturen sine reiskaper og tenkje-sett utviklar seg gjennom samhandling med andre. Dette skjer først på det sosiale planet og deretter på det psykologiske (von Tetzchner, 2012). Det handlar om at barn si forståing av verda, tankemåtar, normer og verdiar blir forma av kulturen det veks opp i. Språket er verktøy i denne prosessen.

Læring og meistring

Meistring kan forklarast to måtar; for det første kva barn klarar åleine og for det andre kva dei greier ved hjelp av meir kompetent vaksen eller jamaldring. Den nære utviklingssona er ifølgje Vygotsky den sona der barnet si læring finn stad i samarbeid med ein meir kompetent andre person. Barn konstruerer ikkje verkelegheita aleine, men i sampel med andre (von Tetzchner, 2012). Kulturen sine reiskapar omfattar det munnlege og skriftlege språket, matematiske symbol, talsystem, kunst, hukommelsestrategier, teikningar og kart. Desse reiskapane kan berre utviklast i samhandling med andre (von Tetzchner, 2012).

Dysthe (1996) plasserer Lave og Wenger sin teori om situert læring innanfor det sosiokulturelle perspektivet som meiner at læring først og fremst skjer gjennom handling og deltaking i felles praksis. Språket er reiskap for å delta og handle i sosiale situasjonar (Dysthe, 1996; i Tetzchner, 2012).

Kjenslespråk

Brandsæg, Torsteinson, & Øiestad (2014) hevdar at det er enklare for barn å takle kjensler når dei har utvikla eit godt kjenslespråk. Utvikling av kjenslespråket er ei prosess som skjer gjennom heile barnehagetida og vidare i barndomen.

2.9 Utvikling av sjølv- og emosjonsregulering

Sjølvregulering

Ifølgje Kvello (2018) er sjølvregulering dugleikar for å styre seg sjølv. Frå 4-årsalderen har dei fleste tileigna seg fleire strategiar for å handtere frustrasjonar og vanskar i samspel med omjevningen. Sjølvregulering vert i stor grad basert på indre dialogar i form av sjølvinstruksjonar. Det er nært samband mellom språkleg kompetanse og sjølvregulering (Kvello, 2018).

Emosjonell kompetanse handlar om å oppdage, forstå og regulere sine egne og andre sine kjensler (emosjonsregulering). Emosjonsregulering er indre og ytre prosesser som dreiar seg om å styre, evaluere og tilpasse kjenslemessige reaksjonar (Kvello, 2018). Både sjølv- og emosjonsregulering er avhengig av hjernen si modning. Det å oppdage og forstå emosjonar er abstrakt og er betinga av abstrakt tenking (kognitive dugleikar), som blir utvikla frå 4-års alder. For å kunne utvikle desse dugleikane er barn avhengig av at vaksne samtaler med dei om egne og andre sine kjensler (Kvello, 2018).

Brandsæg, Torsteinson, & Øiestad (2014) meiner at barn lærer å regulere kjenslene sine gjennom nære, trygge relasjonar til vaksne. Dette dannar grunnlaget for psykisk helse og vennskap gjennom livet (Brandsæg, Torsteinson, & Øiestad, 2014).

2.10 Mentalisering

Mentalisering handlar om å forstå seg sjølve og andre ut frå mentale tilstandar som impulsar, ynskjer, kjensler og tankar. Barn utviklar sine mentaliseringsevner gjennom refleksjon og samtale med ein vaksen (Wallroth, 2011).

2.11 Transaksjonsmodellen

Transaksjonsmodellen er ein teoretisk modell for å forstå barn si psykososiale utvikling som er utvikla av (Sameroff, 2009). Transaksjonsmodellen inkluderer Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell som har ei systemisk forståing for barn si utvikling. Ulike system innanfor og utanfor familien påverkar direkte og indirekte barnet si utvikling (Bronfenbrenner, 1992). Modellen syner korleis individuelle faktorar og miljøfaktorar påverkar kvarandre i gjensidig utveksling (transaksjon) over tid. Transaksjonsmodellen ser på barnet som viktig aktør i sin eigen utviklingsprosess. Drugli (2015) meiner at transaksjonsmodellen er til hjelp for å avdekke multiple risikofaktorar hos barnet, slik at ein

kan setje inn mottiltak for å stagge negativ utvikling. Modellen bidreg til ei heilskapleg forståing av barn sine behov (Drugli, 2015). Samspela mellom risikofaktorar og beskyttande faktorar er viktige element i transaksjonsmodellen. Beskyttande faktorar og risikofaktorar er individuelle faktorar i barnet sjølv eller kontekstuelle faktorar som heim, barnehage eller nærmiljø (Drugli, 2015).

2.12 Sosial læringsteori

Ogden, (2015) hevdar at sosial læringsteori er forklaringsmodell på korleis foreldre oppmuntrar, stadfestar eller avgrensar åtferd hos barna. Sosial læring skjer gjennom samhandling med foreldra, sysken, andre familierelasjonar, vener og personale i barnehagen. Sosiale relasjonar er ein viktig kvalitetsfaktor i barnehagen som vert uttrykt gjennom stabil, stimulerande kontakt og god omsorg. Læring av sosial kompetanse er utviklingsfremmande for alle barn og viktig for å danne varige vennerelasjonar, for meistring, tilpasse seg i skulen og samhandel med vaksne (Ogden, 2015).

2.13 Kritikk av omgrepa «livsmeistring» og «tidleg innsats» i skule og barnehage

(Pettersvold & Østrem, 2019) har gjort ei kritisk vurdering av manualbaserte program i skule og barnehage, og problematiserer omgrepa livsmeistring og tidleg innsats.

Settes livsmestring på en standardisert formel, er dette i seg selv problematisk. Det blir enda mer problematisk dersom det dreies mot individuelle prestasjonskrav eller krav til at barn og unge om selvsrealisering. Det er grunn til å bemerke at det finnes situasjoner der det kan være farlig å lære barn at de må løse sine situasjoner selv. Et annet problem er den pseudoterapeutiske karakteren ved slike programmer (Pettersvold & Østrem, 2019, s. 30).

Dei problematiserer også omgrepet «tidleg innsats» og hevdar at mantraet er at dess tidlegare innsatsen setjast inn, dess mindre er sjansen for mobbing, fråfall i den vidaregåande skulen og psykiske lidningar blant barn og ungdom.

2.14 Kritikk av universalførebyggjande program

Pettersvold og Østrem (2019) viser til svensk forsking (Bartholdson & Hultin, 2015) som i ei årrekkje undersøkt konsekvensane av at barnehagar og skular blir arenaer for psykisk helseførebygging. Som svar på barnehagen og skulen sitt arbeid med livskunnskap, setjast det inn tiltak i form av manualbaserte program. Som følgje av dette veks det fram ein terapeutisk kultur og eit tenkjesett som forklarar kvifor manualbaserte programmer kjøpast velviljug inn. (Aldenmyr, 2014; i Pettersvold & Østrem, 201 a) Dette tenkjesettet ser på barnet som sårbart med behov for terapi. Det hevdast at

terapeutiske teknikkar har flytta ut av terapirommet og inn i barn sine kvardagsliv (Pettersvold & Østrem, 2019).

Med førebyggingsbrillene på kan ein risikere å sjå avvikande utvikling overalt, også hos barn som reknast for å vere innanfor normaldefinisjonen (Pettersvold & Østrem, 2019). Wigg (2014) sine studier skildrar lærarar sine opplevingar ved bruk av intervensjonsprogram. av å måtte «leike psykolog» i situasjonar som dei ikkje var budd på eller hadde kompetanse for å handtere på eit profesjonelt vis (Pettersvold & Østrem, 2019)

Pettersvold og Østrem (2019) har gjort ei analyse av ulike universalførebyggjande program med stor utbreiing, deriblant *Grønne tanker – glade barn*, der dei hevdar at to kjenneteikn ved slike konsept er at dei er universalførebyggjande og lite kontekstsensitive. Dei forklarar at den store utbreiinga av slike program skuldast teikn i tida og eit problemfokuserert perspektiv på tidleg innsats. Dei hevdar at manualbaserte program ikkje lenger er retta mot avgrensa grupper med vansker, men mot alle grupper barn som antas kjem til å støyte på problem. I dei seinare åra har vore ein invasjon av programmer for å systematisere arbeid kring helsefremjande arbeid i skule og barnehage. Denne programinvasjonen kjem som følgje av det dei kallar samtidas «bekymringsindustri». Val av metoder og manualar frå skule- og barnehageeigar står fram som vilkårlege ut frå påstander om at det er metoder som verker, men Pettersvold og Østrem hevdar at det trengs meir kunnskap om programma sine innhald og faglege premissgrunnlag (Pettersvold & Østrem, 2019).

Eit gjennomgåande premiss for universalførebyggjande program er trua på at «one size fits all» og at det framstår som «quick fix» for å «førebygge» vanskar hos barn. Det som er slåande er at barnehagelærarar ikkje har vore deltakande i avgjersler om vurderinga av programma eller i avgjersla om å bruke dei (Pettersvold & Østrem, 2019). Dei kritiserer program med basis i kognitiv åtferdsterapi for å ha ein kognitiv tradisjon der tankar og kjensler kan bli redusert til instrumenter for sjølvkontroll og effektiv sjølvstyring (Pettersvold & Østrem, 2019).

Eit fellestrekk ved mange av manualbaserte program er at dei eit har eit deterministisk grunnsyn som byggjer på åtferdsterapi, der målet er åtferdskontroll. Eit behavioristisk grunnsyn kjem til syne gjennom positiv og negativ forsterking gjennom belønning og straff. Det deterministisk grunnsynet inneberer tru på at menneskje sine handlingar er bestemt ut frå ytre årsaker med sterk tru på at ting kan forklarast ut frå årsakssamanhenger (Pettersvold & Østrem, 2019). Dei hevdar at ros som verkmiddel står i kontrast med Berit Bae (2016) si tolkinga av anerkjenning. Anerkjenning er verken ros eller gåve, men eit gjensidigheitsprinsipp mellom to menneskje der begge to anerkjennar kvarandre som menneskje med eigne røynsler og perspektiv. For å møte barn med ei anerkjennande

haldning må den vaksne kunne vere open for barnet sine synspunkt på verda og kunne endre sine perspektiv, og tole å bli korrigerert (Bae, 2016; i Pettersvold & Østrem, 2019).

Drugli (2015) er kritisk til barnehage- og skulebaserte program fordi dei ofte vert sett i gong med stor entusiasme, men tiltaka døyrt ut fordi implementerings- og vedlikehaldsarbeida ikkje er gode nok. Forklaringar på at metodane raskt «døyrt ut» grunngjevast med at dei ikkje synast å verke. Mange intervensjonar i barnehage tek ikkje omsyn til kompleksiteten i barnehagekonteksten eller barnet sitt problem og får difor ikkje venta effekt. Barn som lever i kroniske risikosituasjonar vil til dømes ikkje dra nytte av kortvarige eller dårleg organiserte program i barnehage (Drugli, 2015).

2.15 Kritikk av konseptet psykologisk førstehjelp

Pettersvold og Østrem (2019) har gjort ei kritisk vurdering av konseptet psykologisk første-hjelpsskrin for barn og unge og peikar på at sjølvhjelpsverktøyet speglar krav i samtida om at ein frå tidleg barndom av bør hige etter kjenslemedvit, sjølvstende og positiv tenking. Vanskar blir lite tematisert, og tankar vert oppdelt i to kategoriar; raud og grøn med tydelege negative og positive forteikn. Dei hevdar at ansvaret for å endre tankar og kjensler hovudsakleg ligg hos barnet og at verdien av å kunne tenkje negativt vert devaluert. Sjølv om Psykologisk førstehjelp legitimerer alle kjensler, så vil av verdien av dei grønne tankene som ein motsetning av raude tankar føre til ei rangering av det «positive» over det «negative». Dette kan føre til ambivalente kjensler hos barnet når såkalla negative kjensler som sinne, tristhet, smerte rangerast som mindre verdifullt enn såkalla positive kjensler som glede og meistring. Dette kan gjere det vanskelig for barnet i situasjonar der det er i sin fulle rett til å tenkje negative, sinte og fortvila tankar (Pettersvold & Østrem, 2019).

Psykologisk førstehjelp «Grønne tanker – glade barn» mangler ifølgje Pettersvold og Østrem (2019) empirisk forskingsgrunnlag.

Madsen (2017) stiller spørsmål om det ei plikt å vere lukkeleg og glad, og hevdar at tidlegare har pliktkjensla vore retta utover mot den vestlege kulturen sin autoritetstilhøve, men etter eit kulturelt skifte rettar ein fokuset innover i seg sjølv (Pettersvold & Østrem, 2019). Forfattarane uttrykkjer uro for at manualbaserte program har eit skeptisk syn på profesjonelt skjønn som undervurderar profesjonsutøvarar sin kompetanse. Den store utbreiing av manualbaserte program gir grunn i seg sjølve for å ha eit skeptisk syn på slike konsept (Pettersvold & Østrem, 2019).

3 Metode

I dette kapitlet vil eg presentere framgangsmåten for å svare på forskings spørsmålet «Kva erfaringar har pedagogar med Psykologisk førstehjelp i barnehagen?». Først vil eg greie ut om sentrale teoretiske vitskaplege tilnærmingar og grunngeving for metodiske val. Avslutningsvis vil eg presentere etiske omsyn og datakvalitet.

3.1 Vitskapsteoretiske tilnærmingar og forskingsmetoder

Befring (2015) hevdar at all vitskapleg forskning spring ut frå to vitskaplege tradisjonar. Den eine tradisjonen har opphav frå humaniora og teologi med metodisk grunnlag frå hermeneutikken, og den andre retninga kjem frå positivismen med metodisk grunnlaget frå naturvitskapen (Befring, 2015).

3.1.1 Forsking

Forsking skal vere eit fagleg og metodisk kvalitetsarbeid der målet er å produsere ny innsikt, med relevante omgrep og perspektiv og bidra til å fjerne feiloppfatningar (Befring, 2015). Gjennom dette studiet håpar eg å bringe fram ny kunnskap om Psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn* og førebyggjande psykisk helsearbeid i barnehage.

3.1.2 Kvalitativ og kvantitativ forskingsmetode

Thagaard (2013) skildrar *kvalitativ forskingsmetode* som ein framgangsmåte der ein går i djupna av og søker etter meiningar i det som blir studert. Metoden rettar merksemd mot forståing av sosiale fenomen, enten gjennom intervju og observasjonar av personar i feltet, eller via tekst-analyse og visuelle uttryksformer. Eit hovudpoeng med kvalitativ forskning er at prosjektet sitt design gir rom for fleksibilitet og at framgangsmåtane kan endrast på grunnlag av informasjonen som dataene gir (Thagaard, 2013). Denne forskingsmetoden inneber nærleik mellom forskaren og det som blir studert. Dei mest utbreidde kvalitative metodane er deltakande intervju og observasjon, noko som inneber eit subjekt-subjekt relasjon mellom forskar og informant. Både forskar og deltakar påverkar kvarandre gjensidig i forskingsprosessen (Thagaard, 2013).

I følgje Grønmo (2004) skil *kvantitativ forskingsmetode* seg frå kvalitativ forskingsmetode ved at han vektlegg utbreiing, målingar, tal, struktur og det er avstand mellom forskar og det som blir studert. Problemstillingane er retta mot statistiske generaliseringar (Grønmo, 2004). I både kvalitative og kvantitative forskingsmetodar er det utfordringar for forskaren å kunne reflektere over korleis han/ho påverkar forskingsprosessen og forskingsresultata (Thagaard, 2013).

3.1.3 Fenomenologi

Eit fenomenologisk vitskapssyn tek utgangspunkt i mennesket sine subjektive opplevingar og erfaringar og prøver å søke etter djupare forståing av desse. Forskaren sine refleksjonar over eigne erfaringar kan difor danne utgangspunkt for forskinga (Befring, 2015).

3.1.4 Hermeneutikk

Befring (2015) omtalar «hermeneutikk» som metode for å tolke og analysere tekstar. Framgangsmåten byggjer på den tyske filosofen Hans Georg Gadamer, som omtalte dokumentanalyse som ein sirkulær prosess, som det vi i dag kallar for ein *hermeneutisk sirkel*. Prosessen startar med ei førforståing og vidareutviklast ved å hente inn nye inntrykk og ny kunnskap, som i sin tur utviklar ei djupare heilskapsforståing (Befring, 2015).

I følgje hermeneutisk tilnærming finnast inga egentlig sanning, og fenomen kan tolkast på ulike nivåar. Føremålet med tolkinga er å oppnå ei gyldig forståing av teksten, som kan sjåast på som ein interaksjon mellom lesar og tekst, der det er meininga i teksten som vert studert (Thagaard, 2013). I dette studiet er målet å søke ei djupare forståing av psykologisk førstehjelp og førebygging som fenomen gjennom hermeneutisk tolking av intervjutekstene

3.1.5 Tolking på ulike nivå frå eit hermeneutisk perspektiv

Tolkinga skjer på tre nivå frå eit hermeneutisk perspektiv, enkel-, dobbel- og trippel hermeneutikk. Enkel hermeneutikk er informantane sine subjektive fortolkingar av seg sjølve og verkelegheita, og dobbel hermeneutikken er forskaren sine fortolkingar av informantane sine fortolkingar (Thagaard, 2013). I mi forskning handlar det om å fortolke informantane sine erfaringar om psykologisk førstehjelp og førebyggjande psykisk helsearbeid på ulike niva i den hermeneutiske sirkelen.

3.1.6 Kritisk teori og forskaren sin førforståing

Kritisk teori er eit viktig perspektiv ved dei kvalitative metodane ettersom fortolking er sentralt i denne tilnærminga. Kritisk teori kan ein sjå på som trippel hermeneutikk, som inkluderar dobbelhermeneutikken og rettar eit kritisk blick på samfunnstilhøve som påverkar både personar i felten og forskaren (Thagaard, 2013).

Thagaard (2013) hevdar at omgrepet førforståing handlar om at ideene til tolkingane som vi har kjem frå tidlegare erfaringar og kunnskap. Fortolkinga som eg har gjort av data vil difor vere prega av mi førkunnskap, haldningar og erfaringar som er eg har gjort gjennom 16 år som pedagogisk leiar i barnehage. Det er viktig å vere kritisk til eiga forskning og reflektere over kva som har påverka meg under forskingsprosessen, og korleis eg kan ha påverka deltakarane under intervjusituasjon. Slik Thagaard hevdar kan meiningar kan berre tolkast i samanheng av det vi studerer og er ein del av

(Thagaard, 2013). Dette gjer det viktig å vere kritisk til eigne fortolkingar av data og sjå det i samband med heilskapen til tekstmaterialet.

3.2 Forskingsetikk

I all vitenskapleg verksemd må forskaren ta omsyn til forskningsetiske prinsipper både internt i forskingsmiljøet og i relasjon med omgjevnaden (Thagaard, 2013). Desse Forskingsetiske retningslinjer er normer og verdier som er nedfelt i ei innstilling frå «De nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora» (NESH, 2006), som blant anna handlar om forskaren er ærleg og nøyaktig frå start til slutt i forskingsprosessen og ved presentasjon av resultat. Eit grunnleggjande prinsipp er også unngå å plagiere andre tekstar, og ved bruk av andre sine kjelder så er forskaren forplikta til å vise god henvisingsskikk (Thagaard, 2013). Dette er også viktig med tanke på at andre forskarar skal kunne etterprøve forskinga.

3.2.1 Tre etiske retningslinjer for forskningsetikk

Thagaard (2013) peikar på tre etiske retningslinjer for forskingsprinsipp; *Informert samtykke, konfidensialitet og konsekvensar av å delta i forskingsprosjekt.*

Prinsippet om informert og fritt samtykke

NESH (2006) uttrykkjer at i alle vitenskaplege prosjekt skal forskaren i prinsippet ha deltakarane sine informerte samtykke. Informert samtykke inneberer at det er frivillig å delta, utan ytre påverknad frå forskaren og at det er lov å trekkje seg når som helst frå forskingsprosjektet (Thagaard, 2013). Dette handlar også om at informasjon er gjeve fritt, informert og forstått av informanten. (Befring, 2015). Eg skreiv informasjonsbrev om prosjektet som vart send til styrarar i ulike barnehagar, som vidareformidla informasjonen til pedagogane på avdelingane (vedlegg nr.1). Informasjonen vart med andre ord gitt indirekte til informantane. I forkant av intervju fekk informantane høve til å lese gjennom dokument om informert samtykke før dei signerte (vedlegg nr.2).

Konfidensialitet i forskingsprosjekt

Konfidensialitet handlar om at alle personopplysingar blir anonymisert i forskingsprosjektet (Befring, 2015). Føremålet er å hindre misbruk av og formidling av personopplysingar. Difor blei det laga fiktive namn på informantane. Alder på informantar, stadsnamn, namn på barnehage og kommune vart ikkje skriven ned i intervjudata. Anonymisering er spesielt viktig i er små miljø for å hindre at informantane blir gjenkjend. Konfidensialitet handlar også om gjenbruk av data og lagring av informasjon. Gjenbruk av data er ikkje lov utan samtykke frå deltakarane. Personopplysingar som namn, e-mail og telefonnummer og samtykkeskjema er låst inn i eit skap på HVL og blir makulert ved prosjektslutt 20.12.2019.

Konsekvensar av å delta i forskingsprosjekt

Eit tredje grunnprinsipp for etisk forsvarleg forskingspraksis handlar om forskaren sitt ansvar for å unngå at deltakarane bli utsett for skade eller alvorlege belastningar (NESH, 2006). Forskaren skal handsame deltakarane respektfullt med utgangspunkt i menneskeverdet, respekt for deira integritet, fridom og medverknad (NESH, 2006). Aktørane som deltek har ikkje den fulle forståinga for korleis forskaren analyserar og tolkar data, noko som kan skape ein rekke etiske utfordringar. Difor er det viktig at forskaren reflekterer over korleis data blir lagt fram og at dette ikkje skapar negative ringverknadar for informantane. Etske dilemma har i følge Thagaard (2013) ein sentral plass i dei kvalitative metodane. Etske dilemma i forskning skjer når forskaren møter etiske utfordringar under forskingsprosessen som ein må ta stilling til. Under feltarbeidet var det viktig å vere medviten om eiga forskarrolla og å gjere refleksjonar over rolla som forskar og tilnærmingar til feltet. Det er asymmetri i relasjonen mellom forskar – informantene ettersom det er forskaren som sit med mest informasjon om det som skal forskast på (Tjora, 2018). God folkeskikk, høflegheit og ha ein respektfull tone er naturlegvis viktig i møte med informantene.

3.2.2 Etske dilemma ved temasentrert analyse

Temasentrert analyse blir kritisert for å ta for lite omsyn til eit heilskapleg perspektiv fordi ein tar ut delar av teksten og lausriv han frå sitt opphavleg samanheng. Det er difor viktig å ivareta den einskilde informant sitt perspektiv eller situasjon og setje det inn i samanhengen som teksten er ein del av (Thagaard, 2013).

For min del opplevde eg det problematisk då eg måtte fortette teksten i analyseprosessen ved trekje saman utsegn frå fleire informantar. Det var om lag 70 sider intervjudata noko som skapte utfordringar med å handsame, strukturere og få oversikt over data.

3.3 Søknad til NSD

Før eg sette i gong med forskingsprosjektet sende eg søknad til Norsk Senter for Forskingsråda (NSD) via internett. Referansenummer 546310 (Sjå vedlegg nr.5).

3.4 Studien sitt design

Omgrepet design handlar det forskingsmetodiske hovudmønsteret for ei undersøking. (Befring, 2015). I følge Thagaard (2013) er eit forskingsdesign det totale opplegget for eit forskingsarbeid; frå føremål, problemstilling, datainnsamlingsmetodar til dataanalyse og konklusjonar.

3.5 Val av metode

Med utgangspunkt i forskingsspørsmålet valte eg kvalitativt forskingsmetode og semistrukturert intervjumetode som instrument for å samle inn kvalitative data. Dette designet vurderte eg som passende for gå i djupna av fenomenet psykologisk førstehjelp. Eit hovudpoeng med kvalitativ forskning er at prosjektet sitt design gir rom for fleksibilitet og at fram-gangsmåtane kan endrast på grunnlag av informasjonen som dataene gir (Thagaard, 2013). Når val av metode inneberer å generere data frå feltarbeid er intervju eller observasjon eller kombinasjon av begge desse metodane aktuelle å bruke (Thagaard, 2013).

3.5.1 Delvis replikasjon

Replikasjon betyr gjentaking av tidlegare utført forskingsarbeid (Befring, 2015). Mitt studiet er delvis replikasjon av Berit Helle Hatlebrekke (2018) sitt masterstudie. Ho har som forska på Psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn* i eit førebyggjande perspektiv. Den faglege grunngevinga for å replisere hennar studie er grunna av manglande forskning på Psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn* i forskingsfeltet. Ved å bruke utvalde intervju spørsmål frå Hatlebrekke sitt studie er målet å finne funn som kan gje empirisk støtte i mi eiga forskning. Spørsmåla som er henta frå Hatlebrekke sin intervjuguide er markert med uheva tekst i intervjuguiden (sjå vedlegg nr.3). Sjølv om dette er eit delvis replikasjonsstudie er ikkje hensikta å oppnå same resultat, fordi det er problematisk å replisere forskning i kvalitative studier. Målet med mitt studie er å produsere ny kunnskap om *Grønne tanker – glade barn*.

3.6 Utval og rekruttering

Utval av aktørar er basert på strategisk utval av pedagogar. Thagaard (2013) hevdar at kvalitative undersøkingar baserar seg på strategiske utval, noko som inneberer å velje deltakarar som har eigenskapar for studiet si problemstilling og teoretiske perspektiv. Utvalet av informantar i dette studiet er pedagogar med utdanning innan barnehagepedagogikk og /eller spesialpedagogikk med kunnskap og praksis høve til Psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn* . Ein informant har vernepleiarutdanning, men vart inkludert grunna utdanning i spesialpedagogikk og erfaring med GT-GB frå barnehage. Rekruttering skjedde via styrarar gjennom mail, telefon og personleg oppmøte. Styrarane vidareformidla informasjonsskrivet til pedagogiske leiarar på arbeidsplassen (Sjå vedlegg nr 1).

Grunna vanskar med rekruttering blei det søkt etter informantar gjennom sosiale media (Spesialpedagogisk forum på Facebook), der det kom respons frå tre informantar, ein pedagogisk leiar og to spesialpedagogar.

3.7 Semistrukturert intervjumetode

Tjora (2018) hevdar at målet med djupneintervju er å skape relative frie samtaler rundt spesifikke tema. Eit forskingsintervju kan i følge Thagaard (2013) utformast på ulike måtar; strukturert og ustrukturert intervju. I den eine dimensjonen er det preg av lite struktur og fri samtale, og i den andre dimensjonen er det streng struktur med førehandsbestemt hovudtema frå forskaren (Thagaard, 2013). Det semistrukturerte (delvisstrukturerte) har tema som er fastlagd på førehand, men rekkefølga på tema avgjerast undervegs. Dette gjev rom for fleksibilitet og spontanitet og mulighet for å stille oppfølgingsspørsmål som ikkje er planlagd på førehand (Thagaard, 2013). I mitt studie valte eg å bruke semistrukturert intervjumetode for å kunne vere fleksibel undervegs i intervjuprosessen. Tema var førehandsbestemt, men med rom for å endre rekkefølga av spørsmål og stille oppfølgingsspørsmål når eg ynskja å gå djupare inn på spesifikke tema.

3.7.1 Utforming av intervju

I følge Tjora (2018) kan djupneintervju utformast på ulike måtar, men i prinsippet går det gjennom tre fasar; oppvarmingsspørsmål, refleksjonsspørsmål og avrundingssspørsmål. I dette studiet var oppvarmingsspørsmåla konkrete spørsmål om alder, arbeidserfaring, utdanning og stilling. Refleksjonsspørsmåla danner kjernen i intervjuet (Tjora, 2018) Her stilte eg spørsmål om hovudemna i forskinga. Avrundingssspørsmål handlar om trekke merksemda bort frå refleksjonsnivået og å normalisere tilhøve mellom informantane (Tjora, 2018). I denne fasen ga eg info om sikring og oppbevaring av data fram til prosjektslutt, og ga tilbod om gjennomlesing av det transkriberte materialet slik at dei fekk moglegheit å korrigere det.

3.7.2 Pilot

Hausten 2017 utforma eg det første utkastet intervjuguiden og gjennomførde eit prøveintervju med ein kollega. Pilot vart gjort vår 2018 med kvantitativ spørjeundersøking og semistrukturert intervju av medstudentar under ei studiesamling. Pilotundersøkinga var nyttig for å korrigere spørsmål i intervjuguiden og for å prøve ut ulike metodar for datainnsamling. Etter at den endelege intervjuguiden vart ferdig utforma januar 2019, gjorde eg nytt prøveintervju. Prøveintervjua var nyttige for å øve seg i intervjusituasjonen, på teknisk utstyr og samtidig få tilbakemelding på kva spørsmål som burde endrast. I følge Thagaard (2013) skjer den beste opplæringa gjennom eiga praksis ved gjennom å intervju kollegaer og få konstruktive tilbakemeldingar.

Den endelege intervjuguiden vart ferdig i januar 2019 etter at eg inkluderte nokre av Hatlebrekke (2018) sine spørsmål.

3.7.3 Gjennomføring av intervju

Fire av intervjua vart gjort ansikt-til-ansikt på arbeidsplass, to via Messenger og eitt via telefon. Før

intervjua starta blei rammene for intervjuet klarert, som tal spørsmål, estimert tidsbruk, repetisjon av etiske retningslinjer, teleplikt og underskrift av informert samtykkeskjema. Det var viktig å skape tillitsfull atmosfære og signalisere respekt og likeverd for at intervjupersonane skulle føle seg trygge og ivaretekne. Eg erfarte at intervjumetoden sin fleksibilitet hadde både føremon og ein ulemper. Dersom samtalen blei for fri under intervjuet, kunne både eg og informanten «spore» av frå tema, slik at spørsmåla ikkje blei svart på. Då var det viktig å plukke opp igjen tema og stille spørsmålet på nytt. Føremon ved den fleksible intervjuforma var at eg kunne stille oppfølgingsspørsmål for å komme djupare inn på tema, i tillegg kunne informantane kome innom tema nye som kunne kasta nytt lys over forskinga.

3.7.4 Feilkjelder som kan ha påverka intervjusituasjonen

Som forskar vil ein mest sannsynleg ha påverka intervjusituasjon i større eller mindre grad av mi førforståing, persepsjon, og subjektive tolkingar av informantane sine verbale og nonverbale uttrykk. Utfordringane med den semistrukturerte intervjuforma gjorde at intervjuet måtte tilpassast undervegs. Av og til hadde til dømes informantane allereie svart på spørsmåla eg hadde tenkt å stille. Nokre av deltakarane er spesialpedagogar som jobbar einskildbarn og har ikkje brukt Grønne tanker – glade barn i større barnegrupper. Ved slike høve måtte nokre spørsmål kuttast ut. Ei feilkjelde hos dei utøvande spesialpedagogane kan ha mindre innsyn i barnehagane sine evalueringsarbeider av *Grønne tanker – glade barn* fordi dei kanskje ikkje deltek all i møteverksemda i barnehagane. Spesialpedagogane blei rekruttert ved tilgjengeutval via sosiale media og det kan tenkjast at dei har ein friare måte å uttrykkje seg på enn informantane som blei rekruttert via barnehagane. Feilkjelder som kan ha påverka intervjusituasjon kan vere oppfølgingsspørsmål som er direkte eller leiande. Støy i bakgrunnen av intervju kan også ha påverka intervjusituasjonen.

3.7.5 Telefon – og videointervju

I følgje Befring (2015) viser metodologiske studier at telefonintervju kan måle seg med ansikt-til-ansikt intervju i høve til validitet og relabilitet ved datakvalitet. Det skjedde teknisk svikt ved to høve der lyd og bilete forsvann i videochat, og at intervjuet blei avbroten av telefonoppringing. Ved desse høva blei spørsmåla stilt på nytt etter at samtala starta opp att.

3.8 Strukturering og analyse av intervjudata

I følgje (Befring, 2015) kan systematisk strukturering og analyse føregå i tre trinn;

Transkribering, tematisk analyse og strukturert dataanalyse.

3.8.1 Transkribering

Lydopptaka frå intervju blei transkribert i løpet av den same veka. Transkribering av intervjumateriale bør bli gjort fleire gonger for reliabilitetskontroll (Befring, 2015). Transkriberinga vart gjort ord for ord ved gjennomlytting av lydopptak fleire gonger, til eg var sikker på at eg hadde gjengjeve intervjuet rett. Der lydkvaliteten var dårleg vart lydopptaka lytta gjennom ekstra grundig og kommentert i teksten. Teksten vart omskriven så tett opp til dialekt som mogleg, og nokre ord vart skrivne om til meir «lesevennleg» tekst for å gjere teksten meir tydeleg for lesaren. Alle informantene las gjennom den transkriberte teksten slik at dei fekk moglegheit til å gje tilbakemelding. Lydopptaka vart sletta etter transkriberinga for å sikre konfidensialitet.

3.8.2 Temasentrert analyse

Intervjudata gav grunnlaget for ei temasentrert analyse. Temasentrert analyse handlar om å studere informasjon av kvart tema og gå i djupna i dei einskilde tema (Thagaard, 2013). Data vert klassifisert slik at ein kan analysere tema på tvers av materialet.

«Analyse av samanheng mellom tema dannar bakteppe for ei samla forståing av materialet» (Thagaard, 2013, s. 181).

Tematisk analyse handlar om å forenkle og stille saman den transkriberte teksten for å kunne fange opp viktige aspekt frå innhaldet. Geertz (1973) hevdar at eit mål for forskaren er å vise fram «tette»skildringar. Ei «tynn» skildring fortel om det som ein ser umiddelbart, medan «tette» skildringar inkluderar i tillegg utsegn frå informantane sine meiningar om sine handlingar (Thagaard, 2013).

3.8.3 Prosessen i temasentrert analyse:

- 1) Gjennomlesing intervjumateriale for å bli kjend med det.
- 2) Svar frå informantane vart talt opp og stilt under same tema i matriser tema for å skape betre oversikt og struktur.
- 3) Fortetting av tekst
- 4) Oppteling av like og ulike utsegn. Svar som skilde seg ut frå dei andre informantane blei markert med raud tekst for å lettere skilje svara frå kvarandre.
- 5) Tolking av kva informantane kan ha meint blei stilt inn i kolonne ved sidan av den komprimerte teksten (enkel hermeneutikk).
- 6) Mi tolking av informantane sine tolkingar blei stilt inn i kolonne ved sidan av denne igjen (dobbel hermeneutikk).

3.8.4 Strukturering av datamateriale ved Nvivo12

Eg valte å strukturere og organisere datamaterialet via Nvivo 12 (qrsinternational.com) som er eit datahandteringsprogram som kan lastast ned på PC gjennom tilgang frå Høgskulen på Vestlandet (HVL). I følge Befring (2015) kan dataprogram som Nvivo hjelpe til å strukturere og organisere tekstbasert materiale og presentere resultat på ein oversynleg måte (Befring, 2015). Intervjudata blei lasta ned i programmet stilt opp i tabellar. Deretter blei teksten koda via *invivo-koding*. Aksel Tjora (2018) kallar «in vivo» koding, såkalla «innfødde omgrep» som allereie fins i datamaterialet og som ligg tett på deltakarutsegn (i intervjuer eller i observasjonar).

3.8.5 Koding av datamaterialet

«Proessen med å kode data innebærer at vi betegner utsnitt av data med begreper som gir uttrykk for meningsinnholdet i teksten» (Thagaard, 2013, s. 158).

Utsnitt i teksten blei kopiert og lagt under «nodes» i ulike kategoriar i Nvivo12. Eg samla om lag 270 *invivo*-kodar i kodebøker (codebooks) som blei printa ut i A4-format. Desse kodane blei kategorisert og sortert i 11 ulike tema etter fargekode. Koding av teksten hjalp meg til å redusere data slik at eg kunne komprimere tekstmaterialet. Kodane blei sortert etter relevans for forskingsspørsmåla. Sju av kodane blei brukt som tema i oppgåva, der nokre vart vald som underkapitler i presentasjon av data (kapittel 4) og brukt som illustrerande eksempel under dei ulike tema. Desse sitata står i kursiv i teksten.

3.9 Tolking av datamaterialet

Tolking og analyse av data er to gjensidige prosessar som ikkje kan skiljast frå kvarandre (Thagaard, 2013). Ifølge Thagaard (2013) er det viktig å vurdere utsegn frå kvar einskild intervju opp mot intervjuet som heilskap, og vurdere skildringar frå kvar samhandlingssituasjon i lys av konteksten. Ved å lage matriser i worddokument og ved å laste ned intervjudata i Nvivo 12, vart det enklare å halde oversikt i analyse- og tolkingsarbeidet. Eg brukte metateksten frå intervjusituasjon som supplement i tolkingsarbeidet. Metateksten som vart skriven under intervjusituasjon var tolkingar av informantene sine nonverbale uttrykk. Ved å samanlikne intervju- og metatekst kunne eg å få eit heilskapleg inntrykk av informantane sine meiningar.

3.10 Datakvalitet

Datakvalitet i kvalitativ metode dreier seg om validitet (gyldigheit) og bekreftbarhet (reliabilitet)(Befring, 2015). Det handlar om kor nøyaktig og påliteleg forskinga er gjort og at den skal kunne etterprøvast av andre.

3.11 Reliabilitet

Reliabilitet dreiar seg om pålitelegheit ved at forskinga er gjort på ein truverdig måte og gjenstand for kritisk vurdering (Thagaard, 2013).

Det handlar også om at andre forskarar kan gjenta dei same metodane og kome fram til same resultat. I kvalitative studiar er reliabilitetsomgrepet problematisk sidan data er vanskeleg å reprodusere og det reisast spørsmål om omgrepet bør nyttast. I følgje Befring (2015) er det eit grunnleggjande krav i all forskning om grundig skildring av framgangsmåte gjennom heile prosessen.

Seale (1999) nyttar omgrepa *ekstern og intern reliabilitet*.

Ekstern reliabilitet er knytt til repliserbarheit, det vil seie om eit forskingsprosjekt i ein situasjon kan gjenstas av andre forskarar i ein liknande situasjon (Thagaard, 2013).

Intern reliabilitet dreiar seg om at forskaren er nøysam, konkret og spesifikk under innsamling av data og det må vere samsvar og semje mellom ulike forskarar sine framgangsmåte innanfor same prosjekt for å styrke den interne reliabiliteten (Thagaard, 2013). I følgje Silverman (2011) er det viktig at forskinga er gjennomsiktig (transparent) ved å gje detaljert skildring av forskingsstrategi og analysemetodar slik at andre forskarar som kjem etterpå kan gå gjennom forskinga trinnvis. Dette kan styrke reliabiliteten (Silverman 2011; i Thagaard, 2013).

Heile arbeidsprosessen vart skriven i loggbok for å kunne dokumentere den trinnvise prosessen i forskinga. Slik Befring skildrar er det viktig å dokumentere forskingsprosessen steg for steg for å oppnå høgst mogleg reliabilitet. Ein *tentativ prosjektplan* vart skriven i forkant av masterprosjektet og godkjend av HVL i 2018.

3.12 Validitet

Validitet handlar om forskinga si gyldigheit. Validitet er knytt til tolking data og om tolkingane som forskaren har gjort er gyldige (Thagaard, 2013). I kvalitative studiar dreier dette seg om kva grad ein kan trekke gyldige slutningar om det ein har sett seg føremål om å studere (Befring, 2015). I kvalitativ forskingsmetode er det forskaren sjølv som er hovudinstrumentet ved observasjonar og intervju, difor vil validitetsomgrepet i stor grad handle om «researcher bias» (Befring, 2015). Forskinga vil med andre ord bli farga av mine kvalitetar som forskar, og i kor stor grad mi førforståing blir påverka av sanseintrykka under intervjusituasjon, og korleis mi førforståing vil påverke tolking av data. Det viktig å vere medviten om desse feilkjeldene ved å vere kritisk til eiga forskarrolle.

Fem kategoriar av validitet kvalitative studier (Maxwell, 1992): Kvalitative studiar har vorte kritiserte grunna mangel på metodar for å trygge validitet. Joseph A. Maxwell (1992) forslag til

prosedyrer for korleis forskaren kan validere forskinga; *deskriptiv validitet, tolkingsvaliditet, teoretisk validitet, generaliseringsvaliditet og evalueringsvaliditet* (Befring, 2015).

Deskriptiv validitet handlar om å gje gode skildringar av intervjuar og observasjonar og gjere nøyaktig transkribering av intervjuar (Befring, 2015). Eg gjorde alle intervjuar og transkriberingsarbeida sjølv, og brukte diktafon under intervjuar. Då kunne eg spole fram og tilbake for å sjekke at utsegnane frå informantane var riktige. Bruk av diktafon gjorde det enklare å konsentrere seg om intervjusituasjonen og notere ned viktige observasjonar av informantane sine verbale og nonverbale uttrykk på eit notatark (metatekst).

Tolkingsvaliditet handlar om gjere klåre og gode fortolkingar og kome bakom informanten sine uttrykk (Befring, 2015). Det dreiar seg om å gjere gode tolkingar av informantane og intervjutekstane. Det vil seie kva eg trur informantane har meint om sine erfaringar, meiningar og handlingar om fenomenet psykologisk førstehjelp.

Kompetansevaliditet vil seie kunnskapar, erfaringar og dugleikar som forskaren og informantane har som er relevant for forskinga. Informantane i studiet har relevant utdanningsbakgrunn for forskinga. Alle jobbar i barnehage og har relativt god innsikt i *Grønne tanker – glade barn* via kurs og eigenlæring. Spesialpedagogane i studiet har kun brukt programmet i arbeid med einskildbarn og ikkje med større barnegrupper. Dette kan svekke validiteten i undersøkinga

Omgrepsvaliditet – omgrepa som vert nytta i intervjuar er i utgangspunktet velkjend for informantane og relevant for problemstillinga. Eksempelvis er omgrep som «psykologisk førstehjelp» og «tidleg innsats» omgrep som er kjend for informantane gjennom arbeid i barnehagen og kurs i *Grønne tanker – glade barn*.

Teoretisk validitet handlar om å heve data på eit teoretisk nivå og det må vere truverd mellom fenomena og teorien ein byggjer på (Befring, 2015). *Det handlar om at teorien som er vald ut er relevant i høve til det som blir studert.*

Evalueringsvaliditet dreiar seg om at eg stiller evaluerande spørsmål og i kva grad eg vurderer informanten sine utsegn.

Generaliseringsvaliditet

Generaliseringsvaliditet vil i følgje Befring (2015) spele ei anna rolle i kvalitative studier enn i kvantitative studier fordi det dreiar seg å skildre det unike ved ymse fenomen og situasjonar. Erfaringar og opplevingane som vert skildra kan gjenkjennast hos andre i liknande situasjonar og kontekstar slik at det har ein generell verdi (Befring, 2015). I dette studiet kan generaliseringsvaliditet

handle om at funn og erfaringane frå dette studiet kan kjennast igjen hos andre pedagogar som jobbar med psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn* i andre barnehagar.

4 Presentasjon av resultat

I dette kapitlet presenterast informantane sine svar med utgangspunkt i spørsmål frå intervjuguiden. Svare som kjem fram er mi tolking av informantane sine utsegn gjennom ei meningsfortetting av transkribert intervjudata. Tema er valt ut basert på relevans for å svare på forskingsspørsmåla. Først vil eg presentere informantane sine refleksjonar kring psykisk helse og tidleg innsats i barnehagen, deretter erfaringar med implementering og bruk av Psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn*. Avslutningsvis presenterast informantane sin kritikk av programmet

4.1 Presentasjon av informantane

Intervjupersonane er kvinner i alder 27 – 60 år, som har mellom 25 - 4 års erfaring frå barnehage. Deltakarane har geografisk spreiding i fire ulike kommunar på austlandet og vestlandet. Fire av intervjuane har blei gjennomført i ulikebarnehagar, mens dei tre siste blei gjort via videochat og telefon. Fem av informantane jobbar i barnehage som pedagogisk leiarar, og to er utøvande spesialpedagogar i ulike barnehagar. Namna på informantane er fiktive.

Informant A «Anne» har jobba som skuleassistent sidan 1995, før ho tok barnehagelærerutdanninga i 2013. I dei siste to åra har ho jobba i 1-avdelings barnehage. Yrkesvalet grunnjev ho med interesse for barn og tenker at det er eit veldig stort ansvar å forme framtidens menneskje. Ho ser verdien av å vere saman med barna og sjå når dei utforskar, oppdagar, lærer nye ting og gler seg i leiken.

Informant B «Benedikte» fullførde førskulelærerutdanninga i 1996 og jobbar i ein to-avdelings barnehage. Det er 18 barn på avdelinga, to pedagogiske leiarar og ein assistent. Grunngevinga for yrkesvalet var nyfikenheit på kva som påverkar barns utvikling i dei tidlege barneåra. Det beste ved yrket er variasjon både i innhald, dagsrytme og arbeid.

Informant C - «Caroline» jobba i barnehage i ni år før ho tok utdanning som barnehagelærer i 2012. Ho har 1 år vidareutdanning innan spesialpedagogikk og syns det er svært givande og lærerikt å jobbe med barn.

Informant D - «Dina» utdanna seg som barnehagelærer i 2014 og jobbar no i 4-avdelings barnehage som pedagogisk leiar med 20 barn. Ho valte utdanninga fordi ho tenkte at det var noko ho kunne trivast med, og at det er viktig jobb å ta del i å forme barna si utvikling, bidra til at dei skal få vekse seg fram og bli trygge på seg sjølve.

Informant E - «Ella» utdanna seg som førskulelærer i 2005 og jobba 4 år i barnehage før ho tok vidareutdanning i spesialpedagogikk. No jobbar ho ved PPS (Pedagogiske Psykologisk Senter), er knytt til tre ulike barnehagar der ho jobbar som utøvande spesialpedagog og driv med rettleiing av personale og foreldre.

Informant F «Fanny» vart ferdig utdanna barnehagelærer i 2016 med fordjuping i psykisk helsearbeid, har jobba med barn sidan 2008 og studerer master i mangfald og inkludering. Ho er pedagogisk leiar på ei avdeling med 18 minoritetskulturelle barn saman med to assistentar. Interessa for migrasjonspedagogikk og språk var nokre av drivkreftene bak utdanningsvalet hennar.

Informant G - «Gunn» er utdanna vernepleiar med vidareutdanning i spesialpedagogikk. Ho har jobba ti år i barnehage som utøvande spesialpedagog og er knytt opp mot ulike barnehagar i kommunen. Det beste med jobben hennar er å møte ungane ved å lage positive stunder for dei og få la dei «skine» ettersom dei elles strevar med ulike utfordringar.

4.2 Psykisk helse og førebyggjande psykisk helsearbeid

Kva legg du i omgrepet psykisk helse?

På dette spørsmålet kom det fram litt ulike syn på omgrepet. Somme informantar relaterte omgrepet psykisk helse til *god* psykisk helse, andre relaterte til *dårleg* psykisk helse. Somme knyt omgrepet til både god og dårleg psykisk helse.

Psykisk helse handlar om å tole kvardagspåkjenningar

Anne meiner at psykisk helse handlar om motstandskraft til å tole kvardagspåkjenningane som livet gir deg, for ingen går gjennom livet utan å møte motgang. Ho legg til at det er sjølvstarkt ikkje alt ein skal tole. Informantane forstod omgrepet psykisk helse som det å ha tryggleik på seg sjølv, i relasjonane og omgjevnaden. Det dreiar seg om ei sunn innstilling eiga tankegang og å kunne reflektere over eigne og andre sine handlingar. Det handlar om å ha gode og frie tankar at ein oppnår det ein skal og å ha det bra med seg sjølv og omverda, føle seg inkludert og vere ei ein del av samfunnet med eit veldig stort normalitetsomgrep.

To informantar trur mange slit psykisk i samfunnet og at det er eit tema som har vore lukka og vanskeleg å snakke om. Difor er det viktig å lære barna tidleg å sette ord på tankar og kjensler tidleg i barndomen slik at det blir naturleg å snakke opent om det. På denne måten kan temaet bli ufarleggjort.

Psykisk uhelse

Informantane reflekterte over at psykisk uhelse kan dreie seg om ei usikkerheit på eigne tankar, kjensler, meiningar og devaluering av seg sjølv. Ulike faktorar som stress og forventningar rundt deg sjølv og miljøet og samfunnet kan skape stress som gjer til at ein føler at ein ikkje strekk til, meiner Caroline. Fanny tenkjer at psykisk uhelse er knytt til låg sjølvkjensle, negative tankar om seg sjølv og som ikkje er produktivt for seg sjølv.

4.3 Tidleg innsats

Ikke vente og se

Tre informanter uttrykte at innsats må å starte tidleg mens barna er små, og ikkje vente og sjå. Alle informantane forstår tidleg innsats som det å kunne førebygge vansker av ulike slag, som til dømes dømes språk- og psykososiale vanskar. Den vaksne må vere støttande og omsorgsfull, gje oppmunt-ring, positiv merkesemd, la barna oppleve å bli sett og forstått og leggje til rette for meistrings opple-vingar.

Fanny: Det handler om å forstå tidleg – behandle mennesker som mennesker tidlig.

Ho tenkjer at førebygging handlar om å møte barn som individ gjennom tillit og respekt.

Korleis jobbar organisasjonen din med tidleg innsats?

Primærkontaktsystem og inndeling i mindre barnegrupper kan bidra til å sikre tett oppfølging av enkeltbarn. Gunn nemner at tett dialog med foreldra er viktig, men opplever at barnehagen likevel ventar for lenge med å ta opp vanskar hos barnet. To informantar opplever at barnehagane ventar for lenge med å be om hjelp sjølv om kommunane deira har lågterskeltilbod der barnehagane møter PPT i ressursteam. Ella meiner at barnehagane er redd for å be om hjelp sjølv om ein kan be om lågterskel hjelp utan å gå inn på enkeltbarn. Ho nemner at barnehagane kan få hjelp til systemarbeid, rettleiing, og hjelp med tilrettelegging i barnegruppa, og tenkjer at barn med vanskar ikkje nødvendigvis treng å meldast opp til PPT med ein gong, men ein kan ta i bruk kunnskap som ein allereie har frå før.

Fire informantar fortel at organisasjonen deira jobbar med nettverksgruppa «Fleirfagleg blikk»(Jf. «Kvello-modellen») som satsingsområde i kommunen med kompetanseheving av barnehageperso-nale for å oppdage barn i risiko, som opplevast nyttig og lærerikt.

Caroline seier ein må ikkje rope «ulv» med ein gong, men at ein må ha litt «is» i magen og ikkje for-vente at alle passar inn i eit A4-format i høve til alder og utvikling. Ein må gje det litt tid. Ho vektlegg betydninga om å vere «pålogga», godt samarbeid og gjere systematiske observasjonar for fange opp barn i risiko.

Kva tankar har du om Grønne tanker – glade barn kan gjere for tidleg innsats i barnehagen?

Fanny: Det avhenger av kunnskapen bak

Fire informantane meiner at *Grønne tanker – glad barn* er godt verktøy for å hjelpe barn å støtte og å forstå seg sjølve ved å begynne tidleg å setje ord på tankar og kjensler. Dina reflekterte over at det er eit verbalt verktøy som er påtenkt dei eldste i barnehagen som ho er glad for å ha tilgang på.

Tre informantar kombinera GT-GB fleksibelt med andre program som til dømes «Kanina og pinnsvinet» (Palm, 2011) og «Trygghets sirkelen» (Brandsæg, Torsteinson, & Øiestad, 2014). «Kanina og pinnsvinet» handlar også om raude og grønne tankar, difor er det viktig å skilje mellom programma, meiner Caroline.

Caroline seier det er viktig å reflektere saman med barna om handlingane deira, og å stille opne spørsmål. Slik kan ein opne litt opp for det innerste. Tenkebamsane «Rød» og «Grønn» kan vere nyttige tiltak i tidleg innsats fordi det kan hjelpe barn å setje ord på kjenslene sine. Fire informantar meiner det er viktig at føresette har kunnskap om programmet. Fanny trur programmet berre verkar førebyggande så lenge ein jobbar med det i barnehagen.

Tre informantar er skeptiske til bruk av verktøyet i tidleg innsats fordi det kjem an på barnehagepersonalet sin kompetanse og barna si kognitive utvikling. To informantar har sett misforståing og feilbruk grunna for lite kunnskap om GT-GB blant personalet og barn i barnehagen. Dei trur verktøyet er for avansert for mange 5-6 åringar. Gunn har fått råd frå BUP om å ikkje bruke verktøyet for barn med behov for spesialpedagogisk hjelp som språkvanskar, psykisk utviklingshemming eller traumet. Programmet er for avansert for desse barna og då ein må starte på eit lågare nivå ved å stadfeste og setje ord på kjenslene deira. Ella seier fagsenteret ikkje tilrår programmet men gir kurstilbod fordi dei ser det skjer mange misoppfatningar

4.4 Implementering og kurs i *Grønne tanker – glade barn* i barnehagen**Kva inntrykk fekk du av kurs og opplæring av GT-GB?**

Seks av informantane var generelt nøgd med kurs og opplæring gjennom PPT i kommunen i 2017. To av dei har tidlegare hadde hatt kurs med Solfrid Raknes som dei opplevde som svært lærerikt, Fanny fekk kjennskap til programmet gjennom masterutdanninga og las seg opp på eiga initiativ fordi kommunen hennar hadde kjøpt inn *Grønne tanker – glade barn* og *Trygghets sirkelen* (Circle of security) (Brandsæg, Torsteinson, & Øiestad, 2014).

Fanny fortel om negative haldningar til programma i blant personale før ho hadde Work shop på personalmøte. Ho trur det handlar om at personalet opplever press på å gjennomføre mange ulike pedagogiske opplegg. Ho opplevde ei meir positive innstilling etter opplæringa av personalet, men ser at ting «sklir» fort ut igjen. Caroline fekk også i oppdrag å lære opp personalgruppa, men jamvel er det

berre ho sjølv og ein anna pedagog som nyttar programmet i dag. Ho trur det handlar om uvisse og at ein vel å jobbe med det som ein føler seg trygg på. Ho peikar også på at mange vaksne syns det er problematisk å samtale om kjensler.

Kva tenkte du første gong du hørde om psykologisk førstehjelp?

Fire informantar vart positivt innstilte til programmet. Ella har ein son med ADHD-diagnose og hadde svært god erfaring med å bruke programmet for barn mellom 8-12 år.

Anne: Psykologisk førstehjelp er et veldig viktig tilbud for barn og unge

Anne tok bruk programmet umiddelbart etterpå tenker det er eit veldig viktig tilbud for barn blant anna fordi ho har mista ein son i sjølv mord.

Anne: En gjør feil når andre mennesker sier; «Hva er du så sint for?», når mennesket er tydelig lei seg eller fortvilet. For en behandler det mennesket urettferdig. Så det å lære seg å lese andre sine følelser og det å snakke om følelser er nyttig å kunne for alle.

4.5 Erfaringar med førstehjelpsskrinet

Anne meiner at førstehjelpsskrinet inneheld tydelege plansjar, gjev ei «oppskrift» å følge samtidig som det er praktisk og enkelt å ta i bruk og vise fram for barna i samlingsstund.

Informantane understrek verdien av å setje seg inn i verktøyet før ein tek det i bruk med barna. Dei syns at verktøyet har medverka til at barna har blitt flinkare til å reflektere og samtale over handlingane sine, tolke andre sine kjensleuttrykk og har utvikla meir empati. To informantar ville gjerne brukt verktøyet meir med dei forsiktige og stille barna, men det blir oftast blir brukt for barn med sinne-meistringsvanskar fordi det er dei som krev mest merksemd.

Verktøyet opnar opp for samtalar og refleksjonar

Felles for informantane er at dei trur verktøyet kan opne for at barn fortel om vanskelege hendingar. Tillit i relasjonen mellom barn - vaksne er viktig faktor for at barna opnar seg.

Fire informantar tenker at *Grønne tanker – glade barn* er eit nyttig verktøy som retter fokus på psykisk helse. Det er positivt å skape aksept for at alle kjensler er legitime og gjev eit språkleg verktøy og støtte for personalet i arbeidet med utvide barna sitt kjenslespråk. Pedagogane ser at barna tek i bruk metodane i programmet og brukar fargeomgrepa gjennom språklege uttrykk. Plakatane er nyttige ved at barna lærer å identifisere ulike kjensleuttrykk, og godt verktøy for samtale og refleksjon. To informantar tenkjer at verktøyet kan lett tas i bruk ved dårleg tid til å planlegging, mens derimot

to informantar meiner det motsette og hevdar at det trengs nøye planlegging før ein legg det fram for barna. Caroline fortel at dess meir ein jobbar med materialet, dess djupare lærer ein og nye framgangsmåtar ved programmet. Ho les historiene i boka med barna ved sidan av seg.

Tenkebamsane kan konkretisere hjelpetankar og vanskelege tankar for barna. Gunn påpeikar det positive ved at boka normalisert det å ikkje ha to foreldre. Fanny gir uttrykk for at dei praktiske øvingane er morosame, som til dømes å fylle opp glaset med vatn for å syne ulike kjenslestyrker og å spele å rollespel saman med barna.

Kor ofte gjennomfører du GT-GB med barnegruppa?

Informantane brukte programmet 1-2 gonger i veka til kvar 14. dag periodevis. Ingen av informantane gjennomførde 3 samlingar per veke slik Raknes tilrår. Dei peikar på faktorar som tidmangel, vanskar med organisering, fråvær av personale og press på at andre tema skal gjennomførast i dei pedagogiske planane.

Benedikte: I fjor enda vi opp med å sette det på plan ein gong i veka for å få gjennomført det, og det har vi gjort i år og. Men i år har det vore litt verre fordi vi har fått pålegg om veldig mange opplegg, program som eg kallar det – frå kommunen, Sånn at vi måtte prioritere tid veldig mykje. Vi ligg veldig dårlig an i løypa i år fordi vi måtte utsetje...Vi har ikkje starta med det i august, så måtte vi hoppe over det i desember og så blei personalet som skulle gjennomføre det sjuk, så det har vært mykje.

Anne: Til å begynne med var det sagt at vi burde ha tre samlingar i uka, men det blei to samlinger for at det skal gå opp med resten av voksne til å ha den andre gruppa, og vi kom vel nesten i mål, men jeg husker ikke om det var de 3-4 siste vi ikkje hadde. Men det blei sagt at om vi ikke rakk alle så kunne vi kutte ut noen av dem.

Opplevar du at det er lett å gjennomføre det som er planlagt?

To informantar fortalde at det var lett å gjennomføre samlingane unntatt ved dramatisering som når ein er åleine som vaksen. Benedikte synast programmet har eit «opplæringspreg». Tre informantar peikar på utfordringar ved at barna lett mistar fokuset og dei må «hente dei inn igjen» å få dei til å konsentrere seg om samlinga To informantar vektlegg verdien av å formidle programmet på ein lystbetont måte, og at det blir enklare med gjennomføringa når ein har gjort det nokre gonger og når barna forstår det. Dersom ein berre les gjennom plansjen kan ein miste kontakt med barna.

Dette kan handle om programmet kan få eit opplæringspreg når kunnskapen ikkje er god nok.

Føler du at det er nok tid til å gjennomføre tema/ samlingsstunder?

Benedikte: Så kjempar vi om tid og prioritering...det er mange ting som skjer i løpet av ein dag, så eg opplever det går litt utover frileiken. Vi blir for styrt, og **det** likar eg **ikkje!** Men eg er jo pliktoppfyl-lande då...prøver å vere.

Fire informantane uttrykte frustrasjon over lite tid på grunn av mange andre tema som skulle planleggast i tillegg til GT-GB. Ella ser at gjennomføringa av GT-GB berer preg av hastverksarbeid og trur at pedagogane har for lite tid til å setje seg inn i programmet.

Korleis brukar informantane programmet i høve til alle barn?

Funna viste at informantane var delte i synet på brukte programmet i store grupper. To informantar hadde positive erfaringar ved å bruke GT-GB på heile barnegruppa på 12-18 barn, medan tre informantar meinte at det var mest teneleg å brukt programmet på maksimalt på 2-4 barn, avhengig av kva tema som blir presentert. Bemanningsnormen i barnehagar ligg generelt på 3 vaksne per barnegrupper på 18-20 barn over 3 år. I små grupper kan ein anta at det er vanlegvis ein vaksen på 6 barn..

Dina: Skal en trekke ut få barn, så blir det veldig mange igjen på de andre

Dina fortel at ho las forteljingane for heile barnegruppa før inndeling i mindre grupper. Ho har brukt programmet både i store grupper, smågrupper og med einskildbarn, og seier det er veldig tidkrevjande viss ein skal rullere på det og har måtte løyse det ved å bruke GT-GB på større grupper.

I år gjennomfører Anne GT-GB med tre førskulebarn som gjer at det er betre tid til planlegging. I fjor brukte ho programmet med heile barnegruppa på 7 for å få personalkabalen til å gå opp, og måtte inkludere barna som per definisjon av for unge for konseptet.

Ella og Gunn har sett at GT-GB har blitt brukt i grupper på 15 - 20 barn steller seg kritisk til å gjennomføre programmet i store grupper. Ella trekk inn døme på ein situasjon med enkeltbarn som skulle setje ord på tankane sine. Han sa: «*Eg har raude tankar som gjer at eg har lyst å stikke kniv i nokon*». Ho problematiserer at vaksne skal oppmode barn til å sette ord på tankar som kan skremme «vettet» av andre. Ho reflekterer vidare:

Ella: (...) at bare tenkt det, at herlighet hadde du sagt dette i ei gruppe på 20 barn, ka hadde det gjort med deg og ka hadde det gjort med gruppa då? Er det greit at ein seier det i ein samling?

Gunn: Jeg har sett programmet blitt brukt på grupper med 15-20 barn, og jeg tenkte bare: «Oh, my God!, hva er det de tenker på?». Ho trur at ein skal vere forsiktig med kva tema som takast opp i store grupper, som til dømes tema «sint»:

*Gunn: For eksempel så skal man spille følelsen «sinne». Følelsen skal være «inni» rommet. Dette er begreper som må øves på før man tør å ta det med foran barn. Og så ville jeg vært veldig nøye med...måtte **ikke** vært full gruppe i det hele tatt, kanskje 2-3 barn. For at alle skal kunne sagt litt det de skal si. **Plutselig** så man må være mottakelig for det som kommer.*

Korleis kan storleiken på barnegruppa påverke kvaliteten på samlingsstunda? Kan pedagogen møte barna sine behov for å medverke når det er 15-20 barn i samlingane?

4.6 Bruk av *Grønne tanker – glade barn* i arbeid med enkeltbarn og i spontane situasjonar

I arbeid med enkeltbarn som har utfordringar med sinnemeistring, brukar to-tre informantar historier frå leseboka og flippover. Når barna blir utagerande minnar dei på barna om å tenke seg om før dei handlar og ber dei prøve å lytte til dei grønne tankane i staden for dei raude. Tre informantar seier dei kan til dømes seie «No ser eg at du har mange røde tankar», og prøver å støtte og reflektere saman med barnet for å hjelpe det å finne dei grønne tankane. To informantar har opplevt barn har stoppa litt opp når dei vaksne har sagt at dei trur barnet har raude tankar. Eit barn bekrefta: «Ja det har eg faktisk».

Caroline fortel at ho har grupper på 2-3 barn når dei treng ekstra støtte. Caroline har opplevd eit barn som blei frustrert då han ikkje fekk til å s etje saman nokre legomenn: *Og så kunne barnet seie at «No har eg røde tankar».* Då spurte eg barnet: *Okay, korleis kan vi få vekk dei røda tankane? Kva kan vi gjere då?».* *Dei tar i bruk verktøyet, og det er då **du** ser at det **verkar**.*

To av informantane tilbyr bamsane, eller oppmodar barna til å bruke teknikkar frå verktøyet som til dømes *grøn pause* (finne seg ein trygg plass for å roe seg ned).

Kan du gje døme på ein gong du tenker at programmet kan ha påverka di handling?

Fire informantar meiner at dei har fått ei meir medviten og reflektert haldning til psykisk helse har blitt flinkare til å setje ord på kjenslene i samtale med barna. Benedikte trur ho møter barna på ein anna måte når ho går inn i situasjonar for å roe ned barna. Dina trur at ho har ordlagt seg annleis når barna har kome til henne med bekymring eller glede.

Anne opplev at ho har blitt flinkare til å oppmuntre og støtte barna og flinkare til å ta barn i forsvar dersom personale definerer kva barna skal føle eller tole:

Anne: Det er ikke vi som skal bestemme hva andre skal tørre eller tåle. For jeg tenker at vi kan ikke se hva følelser andre har

Ville du ha handla annleis utan erfaring med *Grønne tanker – glade barn*?

Spørsmålet blei stilt til fem informantar. Dei trur programmet har påverkar deira handlingar på ulike måtar ved at dei blir meir medviten om psykisk helse ved å setje større fokus på det. Det gir ein språklege verktøy, tips til å handtere vanskelege situasjonar og påminning for seg sjølv om kunnskap ein allereie har. Det er ikkje er ei sjølvfølge at alle veit kva dei ulike kjenslene inneberer.

Anne : Ja det tror eg, og det er en god påminning. For det er jo egentlig ting vi veit. En vet jo at positiv påminning virker bedre enn negativ påminning, og det å muntre seg sjølv opp og andre opp det virker bra i alle tilfelle.

Informanten meiner at mykje av kunnskapen vår er taus. I vårt innerste veit vi at det er bra å tenkje positive tankar og at det har innverknad på åtferda vår og samspelet med andre.

Har du opplevt at barn har nytta omgrep som er knytt til GT-GB i den perioden du har jobba med metoden?

Tre informantar svarte direkte på dette spørsmålet.

Benedikte opplevde at barna tok i bruk omgrep frå verktøyet, spesielt i perioden ho jobba med heile barnegruppa. Ho opplevde at barna blei litt sinte på kvarandre og snakka om at det var ikkje lov å gjere «raude ting» med kvarandre. Ho ler litt og seier at ho kanskje ikkje heilt lukkast med å få barna til å forstå koplinga mellom raude og grønne tankar. Caroline opplevde at barn kunne uttrykke at : «No har eg røde tankar». Ella hadde ei oppleving av at både barn og vaksne brukte omgrep rundt raude tankar på feil måte ved å uttrykkje at det ikkje er lov å ha «raudtankar».

Gunn seier at det er viktig at dei vaksne hjelper barna med å nysansere kjenslene, i staden for å berre stadfeste at barna har raude tankar. Det er viktig å gå inn i kjenslene, setje ord på dei og reflektere i lag med barna for å utdjupe dei.

4.7 Refleksjonar rundt fargesymbolikken i programmet**Kva tenker du om fargesymbolikken raud og grøn?**

Det kom fram ulike tolkingar av fargesymbolikken på dette spørsmålet.

Fire informantar assosierer fargane med trafikklys, grøn for «gå» og raud for «stopp». Fargen grøn blir assosiert som noko positivt av to informantar. Fem informantar hevdar det kan vere ei utfordring for barna å skilje fargene i programmet

Fire informantar seier det er viktig å lære seg terminologien i GT-GB for å skape ei felles forståing.

To informantar stiller seg kritiske til at programmet tek i bruk omgrep som ein ikkje brukar i dagleglivet elles, og spør kvifor ein ikkje kan setje ord på kjenslene og tankane i staden for å gå omveg rundt fargane? Dei trur fargebruken verkar stigmatiserande og symboliserer lovleg/forbode.

Dei meiner at ein bør heller lære barn å setje ord på kjenslene i staden slik at dei har omgrep for resten av livet. Fargebruken kan komplisere både tankar og kjensler hevdar dei. Barnet må først sortere fargane og deretter tankane, og ansvaret med å finne grønne tankar blir overlatt til barnet sjølv.

Ella har høyrte ein assistent seie: «*No gir du meg røde tankar, og det finner eg meg ikkje i!*». Ho har også høyrte misoppfatningar blant foreldre ved heimerettleiing. Ho trur at når tilsette brukar programmet feil så lærer barna det feil også. Ho meiner kunnskapen om GT-GB i barnehagane er for utilstrekkeleg til at programmet kan tas i bruk. Når det er kun pedagogar som får opplæring vil kunnskapen ligge igjen hos dei. Resten av personalet plukkar opp brottstykke og prøver å vidareføre metoden i beste hensikt, men brukar den feil.

Ella: *Bare navnet på det: «Grønne tanker – glade barn», det gjenspeiler litt det at viss du er glad...det er **det** du skal vere. Du skal ha grønne, glade tankar, du skal vere glad. Det ser eg gjenspeiler seg hos mange assistentar...og dessverre det at **ansvaret** for sine tankar blir lagt **veldig** på barna, opplever eg. Det er også problematisk når du havnar i situasjonar som er farlige, så er det bra å vere redd. Då er jo det ein **grønn** tanke.*

Ho fekk beskjed av fagsenteret om å nedtone fargebruken fordi dei blir eit ekstraelement som gjer det vanskeligare for barna å sortere kjenslene sine.

Ella: *For disse minste barna...det opplever eg dessverre veldig ofte, at det blir sånn at ansvaret for tankane blir lagt over på barnet. Barna veit ikkje korleis dei skal sette ord på det, dei får veldig ansvarsfølelse, dei får dårleg samvittighet for å vere sint, dei får dårleg samvittighet for å vere lei seg.*

Fanny viser til at det er mange program som har bruk av fargar der der raudt blir definert som negativ farge og grøn er ein positiv farge, difor støtter ho seg ikkje så mykje til fargebruken. Gunn har opplevd at barn i samråd med BUP hjelper til med å lage sin eigen fargeskala og reflektere over at ho ikkje eintydig negativ til fargebruk.

4.8 Tenkebamsene Rød og Grønn

Det kom fram delte meiningar om bruk av tenkebamsane. Tre informantar hadde ei positiv innstilling til å bruke bamsane i ulike situasjonar i barnehagen, mens tre informantar uttrykte skepsis til tenkebamsane, spesielt den raude bamsen.

Tre –fire informantane brukar tenkebamsane Rød og Grøn i samlingstunder, i spontane situasjonar som kos, leik og trøyst. Bamsane kunne og tas med på skogstur. Benedikte uttrykkjer usikkerheit kring bruk den raude bamsen: «...den røde bamsen...eg veit ikkje heilt», men i samlingar får barna få halde bamsane og lar dei «sende» grønne tankar til den raude bamsen. Dina lar bamsane stå framme og prøver å utvide ordforrådet til barn som ho jobbar ekstra med. Ved slike høve brukar ho programmet indirekte for å unngå at barnet går i «forsvar modus».

Fanny vektlegg relasjonen mellom henne og barna framfor bamsen. Ho seier at ho «bamsen». Gunn fryktar at barn med utfordringar kan identifisere seg med den raude bamsen: Ho er redd for at barn kan tenke: «*Jeg er den røde bamsen, jeg. Jeg er den slemme, jeg er som er dumme, jeg er den som blir sint, jeg er.....*». *Jeg synes...det er bare...jo mer jeg snakker om det, jo liksom mer...!* Gunn blir tydleg blir blank i auga og emosjonell når ho seier dette, medan ho uttrykkjer at ingen vaksne må «påføre» barnet å vere den raude bamsen. Ho har også sett eit barn har henta den raude bamsen då det blei sint, og tenker at for dette barnet gav det ei meining å fysisk halde bamsen.

Ella opplevde at eit barn ho skulle jobbe med fekk sinneutbrot då ho tok fram den raude bamsen. Han kasta seg over bordet og prøvde å rive av hovudet av bamsen. Ho trur guten fekk ei slags skuld-kjensle då han såg bamsen, og ho stoppe å bruke bamsane etter dette. Ho uttrykkjer: (...) *ein må vite ein god del psykologi for å klare å bruke det riktig med barn. Ein psykolog eller ein utdanna person tur eg kan gjerne bruke det med 4-åringar og altså, men då skal de virkelig ha tunga beint i munnen. Og eg stiller veldig spørsmålsteikn ved å bruke det i grupper med 20 barn som eg ser det blir brukt. Og eg tenker: Ka tankar skal desse barna sette ord på mens 19 andre hører på dei då?*

4.9 Fysiske og psykiske reaksjonar hos barn ved bruk av verktøyet

Har du opplevd at barn har fått ein fysisk eller psykisk reaksjon medan du har jobba med *Grønne tanker – glade barn?*

Fem informantar har opplevd at barn har fått kjenslemessige reaksjonar under samlingar med GT-GB i større eller mindre grad. Caroline seier at det har kome fram mange sterke forteljingar frå barn frå samlingar med GT-GB, også ting som blei rapportert vidare til barnevernet. Fanny opplevde at eit barn som nyleg hadde mista faren sin som fekk ein sterk psykisk reaksjon under ei samling med GT-GB. Ho spør seg sjølv om ein utset barn for noko dei burde ha vore spart for og tenker at dei som har det vanskeleg treng ikkje fleire utfordringar, og følte at ho som pedagog hadde sett han ut for noko som ikkje var godt.

Gunn: *Det hadde nærmest motsatt effekt, skjønner du?*

Gunn trur at GT-GB kan sette tanker i hovudet på barn som kan vere skremmande og fortalde om dotter hennar på 5 år som blei skremd etter at ho hadde lese historia om Roald som var redd for å falle i do. Etter dette blei dotter hennar også redd for å gå på do. Ho er kritisk til det ho meiner er sterk språkbruk i boka. Ho trekk fram dømer i historia om Emil som blir snill i full fart: «Knus dem!» «Ødelegg bilene!», og til dømes i historia om Roald som var redd: «Mammaen din kommer til å bli borte! Mammaen din finner deg aldri igjen!». Dotter til Gunn hadde aldri nokon gong tenkt på at mor hennar kunne forsvinne og blei engstelig for dette etterpå.

4.10 Kan psykologisk førstehjelp bidra å oppdage barn i risiko?

Informantene var delte i synet på å bruke *Grønne tanker – glade barn* for barn dei har bekymring for eller for å oppdage barn i risiko. Tre informantar trur at programmet kan hjelpe til å oppdage barn i risiko fordi det opnar opp for at barn fortel om vanskelege hendingar.

To av informantane trur at kva som helst andre program eller tema i barnehagen medverke til å oppdage barn i risiko.

Benedikte er usikker på om programmet kan bidra til å oppdage barn i risiko, men tenkjer at når barna er eldre og klarer å uttrykkje seg meir så kan det vere mogleg.

Fanny peikar at GT-GB er noko ho ikkje ville ha støtta seg på i høve til barn i risiko, då vil ho heller søkje hjelp frå fagleg ekspertise som til dømes BUP. Ho seier at jobben hennar er også å sjå sine begrensingar. Ho meiner at det er viktig at ho som fagperson må vurdere når hennar fagkunnskap kjem til kort.

Gunn fortel at psykologen på Familiens hus var veldig tydeleg på at for barn med alvorlege traumer, må ein begynne på eit mykje lågare nivå og møte dei ved å benevne kjensler som sinne og frustrasjon *før* ein kan starte med *Grønne tanker – glade barn*. Barnehagepersonalet har mykje å øve på *før* de kan ta i bruk et slik program tenkjer ho.

Gunn seier: *Barnehagepersonalet må gå enda lavere, de trenger å bekrefte barna på følelsene sine istedenfor å si at det går bra. Jeg hørte det senest i dag, et barn som gråter og så sier personalet «det går bra». Og jeg bare: «Det går jo ikke bra! Det er derfor barnet gråter nå». Man må ikke avfeie barnet og formidle at det er feil. At det er feil at de gråter nå.* Gunn meiner at ved å fortelje tilbarnet at det går bra når det er lei seg, indikerer feil kjensle. Ved å avfeie barn sine kjensler, tek ein heller ikkje barnet sine kjensler på alvor.

4.11 Psykologisk førstehjelp med minoritetsspråklege

To informantar opplevde utfordringar ved bruk av GT-GB på minoritetsspråklege barn. Benedikte uttrykker frustrasjon fordi ho ynskjer å hjelpe desse barna, men på grunn av kommunikasjonsvanskar det er vanskeleg å få kjennskap til deira sine erfaringar med tanke på kva dei har opplevd av krig og traumer. Ho tenkjer det er viktig å få omsett GT-GB til fleire språk.

Fanny har fått hjelp av kollegaer å omsetje GT-GB på to andre språk og syns den største utfordringa har vore å omsette det for barna, og deretter til foreldra. Ho seier at det er svært mange tema i GT-GB, og at ho må velje ut og tilpasse det etter barnegruppa sitt behov.

4.12 Psykologisk førstehjelp som omgrep

Kva tenkar du om psykologisk førstehjelp som omgrep?

Eg stilte spørsmålet til fire informantar og det kom fram sprikande svar. Fanny tenker at psykologisk førstehjelp er feil omgrep om programmet fordi det handlar om førebyggjande arbeid. Caroline og Benedikte fekk ikkje omgrepa til å henge saman, før dei sette seg inn i programmet og fekk utvida forståing for det. Benedikte sa at det høyrtest ut som ein krisetilstand. Dina tenker at psykologisk førstehjelp fungerer som omgrep fordi det handlar om å opne opp og støtte dei som ikkje har så mange ord på kjensler, då blir det som ei førstehjelp å kome i gong.

4.13 utfordringar ved gjennomføring av Grønne tanker – glade barn

Kva opplevde du som den største utfordringa ved GT-GB?

Eg stilte spørsmålet til seks av informantar, som peikar på utfordringar som tidpress, personalmangel og nok rom. To informantar fortalde om uro i barnegruppa og vanskar å fange barna si merksemd fordi dei ofte søkte kontakt med kvarandre. Benedikte peikar på utfordringar ved å passe på at alle barna får delta og opplever at ungane ikkje er flinke til å lytte til kvarandreenno.

Gunn fortalde om utfordringar med å formidle at det er lov å ha raude tankar, for ho syns det er så gjennomsyra i programmet at dei grønne tankane skal vinne over dei raude. Dette seier ho er spesielt synleg på appen *Grønne maur* (salaby.no) der ein skal trykke på dei ulike figurane for å gjere dei glade.

4.14 Evaluering av Grønne tanker - glade barn

I rettleiingsheftet formidlar Raknes at det burde vere fire evalueringar årlig. Samlege av informantane fortel om manglande systematisk evaluering av programmet og nemner faktorar som mangel på tid, ressursar og prioriteringar. To-tre informantane uttrykkjer at det blir nok tid å evaluere åleine,

men ikkje saman med andre i personalet. Ella saknar i tillegg evaluering i lag med barn og foreldre. Alle informantane ser verdien av at heile personalgruppa og føresette får kurs i programmet for å utvikle felles forståing og større måloppnåing.

Har du forslag til korleis programmet kan bli betre?

Som avslutning på intervjuet stilte eg spørsmål til dette spørsmålet. Tre informantar nemner at programmet må alders- og individtilpassast. Gunn etterlys fleire og kortare historier i bøkene for at dialogisk lesing med barna skal vere mogleg. Plansjane er gode, men ho ynskjer fleire fargefoto å samtale om, og forenkling av historiene «sint og glad i barnehagen». Fanny tenkjer at barn i denne aldersgruppa har framleis ikkje så godt utvikla empatiske dugleikar og at programmet kunne hatt meir leikprega tilnærming og fleire tema som går konkret på sosial trening. To informantar seier at programmet kunne også samkøyrast meir mot årstider fordi mange barnehagar jobbar etter dette.

4.15 Oppsummering

Informantane viser god kunnskap om psykisk helse, førebyggjande arbeid og Psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn* gjennom kurs og opplæring.

Funna frå undersøkinga er sprikande. Om lag halvparten av informantane meiner programmet er eit godt verktøy for å stimulere barn sitt tanke – og kjenslemedvit, utviding av ordforråd gjennom bruk av materiellet i førstehjelpsskrinet. Verktøyet bidreg til å støtte vaksne i samlingstundene og i spontane kvardagshendingar.

Tre informantane trur programmet krev fagkunnskap innan psykologi eller vidareutdanning i psykisk helsearbeid for å bruke det riktig. To informantar trur programmet er kan vere avansert å bruke for barn med psykososiale, fysiske eller kognitive vanskar

Det kom fram kritikk av namnet på konseptet og bruk av fargesymbolikk i programmet. Funn syner at fargebruken i konseptet kan føre til misoppfatningar og feilbruk.

Kunnskap om *Grønne tanker – glade barn* i heile organisasjonen er viktig for felles måloppnåing.

Funna avdekkjer utfordringar med implementering og gjennomføring av programmet som følgje av utilstrekkeleg bemanning, tid, rom. Programmet treng å individ- og gruppetilpassast dersom det skal inngå som ein del av det allmennpedagogiske tilbodet.

5 Drøfting

I dette kapitlet vil eg drøfte mine funn resultat opp mot aktuell teori for gje svar på hovudforsknings-spørsmålet *Kva erfaringar har pedagogar med Psykologisk førstehjelp i barnehagen?* Følgjande delforsknings-spørsmål vil bli drøfta i oppgåva:

- 1) Kva refleksjonar har pedagogane om psykisk helse og tidleg innsats i barnehagen?
- 2) Kva refleksjonar har pedagogane om Psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn* som verktøy i førebyggjande psykisk helsearbeid i barnehagen?
- 3) Blir *Grønne tanker – glade barn* gjennomført etter intensjonen?
- 4) Kva kritikk kjem fram frå informantane?

5.1 Drøfting av delforsknings-spørsmål 1

Kva refleksjoner har pedagogane om psykisk helse og tidleg innsats i barnhagen?

Psykisk helse

Tre av informantane relaterer omgrepet psykisk helse til både *god og dårleg psykisk helse*, som syner at dei forstår omgrepet som nøytralt, slik Flaten (2019) definerar det.

Ein informant relaterte omgrepet til psykiske helsevanskar, og ein anna knytte det til god psykisk helse. Dette viser to måtar å forstå omgrepet psykisk helse på; i ei utvida form som inkluderar både god og dårleg psykisk helse, og i snever form der psykisk helse blir relatert til psykiske helsevanskar eller god psykisk helse.

Samanheng mellom god psykisk helse og tryggleik til omgjevnaden

Informantane såg samanheng mellom god psykisk helse og trygge relasjonar. Rammeplan for barnehagen (2017) ser på personalet sin relasjonskompetanse som viktig for å fremje vennskap og trygge relasjonar mellom barn-vaksen, barn - barn som grunnlag for tryggleik, meistring og glede (Utdanningsdirektoratet, 2017). Set ein dette i samband med transaksjonsmodellen (Sameroff, 2009) kan vaksne sin relasjonskompetanse vere ein beskyttande faktor for barn si psykososiale utvikling. Med tanke på at nesten alle småbarn går i barnehage vil barnehagepersonalet sin personlege dugleik og kompetanse ha stor påverknad for barn si psykiske helse.

Brandsæg, Torsteinson, & Øiestad (2014) ser på barnehagen som ein unik arena for å fremje psykisk helse, der vaksne sin relasjonskompetanse er ein viktig kvalitetsfaktor. Dette kjem også fram av FHI (2018) som understrekar at trygg tilknytning til omsorgspersonar i barndomen er avgjerande for seinare psykiske helse (Folkehelseinstituttet, 2018). Slik (Bowlby, 1969) hevdar, skjer tilknytning gjennom stabil kontakt over tid. Trygg tilknytning for barna kan bli problematisk når barnegrupper er store og det er lite vaksenressursar, noko som gjev mindre tid til å sjå og anerkjenne kvart barn. Dette kan påverke relasjonskvaliteten mellom barna og personalet.

Ein informant meiner at psykisk helse er å føle seg inkludert og vere ein del av samfunnet med eit veldig stort «normalbegrep». Det handlar om å gje rom for dei som fell utanfor det såkalla «normalitetsomgrepet», som til dømes menneske med psykiske lidningar eller trong for spesialpedagogisk hjelp. Dersom ein ser på barnehagen som eit miniatyrsamfunn handlar inkludering om sosial deltaking i barnegruppa for alle barn. Desse verdiane er stadfesta i Rammeplan for barnehagen (Utdanningsdirektoratet, 2017). Barnehagen er ein arena for verdiskaping, der personalet har ansvar for å vere gode rollemodellar og vise gode haldningar ved å skape ein kultur for inkludering. Slik kan desse verdiane overførast til barna. Når barna veks opp kan dei bringe verdiane vidare i samfunnet og medverke til samfunnet sosiale kapital.

Ein informant knyt psykisk helse til å tole kvardagspåkjenningar, og kvardagen sin normale stress og motgang slik Flaten (2019) legg i sin definisjon av psykisk helse. Det handlar å møte livet på ein måte som ikkje set deg ut av spel. Kva som opplevast som «normal stress» individuelt fordi det er mange faktorar som spelar inn på barn si psykososiale utvikling slik transaksjonsmodellen syner (Sameroff, 2009).

Ein informant meiner at psykisk helse handlar om evne til å reflektere over eigne og andre sine handlingar. Dette handlar om mentalisering, om det å forstå både seg sjølve og andre ut frå mentale tilstandar (Wallroth, 2011). Barn treng vaksne som kan hjelpe dei med å tolke andre sine kjensler, å setje ord på det dei erfarer for å forstå sine eigne og andre sine intensjonar. På denne måten får dei hjelp til å forstå verda rundt seg. Barn konstruerer ikkje verkelegheita aleine, men saman med ein vaksen eller meir kompetent jamaldring i den nære utviklingssona, og gjennom kulturelle verkemiddel (von Tetzchner, 2012).

To informantar seier at psykisk helse handlar om å ha ei positiv innstilling til eigen tankegang og kjensler, noko som er produktive for seg sjølv, ha tru på seg sjølv og vere ein aktiv del av samfunnet. Desse refleksjonane er i tråd med FHI sin rapport om psykisk helse(2011:2) og Kirsten Flaten sin definisjon om psykisk helse om evne til å meistre tankar og kjensler og fungere i lag med andre (Flaten, 2019).

Psykisk uhelse

Informantane reflekterer over at psykiske helsevanskar handlar om uvisse på eigne tankar, kjensler, meiningar og devaluering av seg sjølv. Det kan handle om psykisk sjukdom som angst eller depresjon. Ein informant meiner at psykisk helse er eit vanskeleg tema å snakke om for mange. Forventingar i miljøet og samfunnet rundt kan skape stress og kjensle av å ikkje strekkje til dette viser at informanten ser psykisk helse frå eit systemperspektiv, der ulike faktorar spelar inn på den psykososiale utviklinga (von Tetzchner, 2012). Samfunnet i dag skapar større prestasjonspress på individet enn før. Ved å innføre livsmeistring og helse some tema i skule og barnehage, fryktar Pettersvold og Østrem (2019) at presset blir enda større på sjølvrealisering når fokuset rettast innover seg sjølv.

5.2 Tidleg innsats i barnehagen

Pedagogane si forståing av omgrepet tidleg innsats og korleis dette kjem til uttrykk i organisasjonen

Funna viser at arbeid med tidleg innsats har høg prioritet hos pedagogane og at dette arbeidet står sentralt i organisasjonen.

Ein informant meiner at tidlig innsats handlar om å gje barna ein god start på livet og behandle menneske som menneske tidleg. Dette handlar at personalet tar barnet på alvor og femnar om humanistiske verdiar ved å møte barn med tillit, forståing, anerkjenning og respekt. Dette er verdiar i tråd barnehagelova §1 (Kunnskapdepartementet, 2005).

Tre Informantane viser ei «ikkje - vente og sjå-haldning ved å seie at ein må setje inn tiltak tidleg før problem har fått festa seg. To andre informantar hevdar derimot at barnehagane ventar for lenge med å melde opp otte til PPT, sjølv om kommunane har lågterkseltilbod. Her er det sprik mellom informantane sine meiningar. Det kan handle om ulike tolkingar av omgrepet tidleg innsats. Nokre informantar tenkjer kanskje på tidleg innsats som det å melde opp otte hjelpetenesta på ei tidleg tidspunkt, og andre informantane tenkjer på tidleg innsats som tiltak i barnehagen før tilmelding. Der som der er usemje i personalgruppa om når det skal setjast inn tiltak og når barn skal tilmeldast hjelpeapparatet, kan det føre til ei «vente – og sjå haldning». Tidleg innsats skal gis gjennom målretta og systematisk arbeid (Utdanningsdirektoratet, 2017).

Metaforar som kjem til uttrykk rundt tema tidleg innsats

Det kom fram metaforar under intervju, som «å ha is i magen», «ha eit kaldt hovud og varmt hjarte», «ikkje rope ulv», «ikkje forvente at alle passar inn i eit A4-format».

Informanten meiner at ein kan ikkje vente at alle barn har kome likt i utvikling, difor må ein observere og gje det litt tid. Slik transaksjonsmodellen syner er psykososial utvikling ein dynamisk prosess.

Barn får ulik stimuli frå miljøa dei ferdist i og individuelle faktorar hos barnet gjer at dei påverkar og blir påverka av miljøet på rundt seg (Sameroff & Chandler, 2009 ; Drugli, 2015).

For stort fokus på førebygging fører til problematisering av barn som viser normalvariasjon i utvikling, i følgje Pettersvold og Østrem (2019). For lite fokus på førebygging og for lite kunnskap om barn kan føre til at barn som strevar ikkje blir oppdaga; det må vere ein balansegang. Slik Kvello hevdar, må personalet ha evne til å oppdage barn i risiko og kunne setje inn førebyggjande tiltak (Kvello, 2018).

I arbeid med tidleg innsats må personalet ta utgangspunkt i kunnskap om barn si utvikling og trivsel ved observasjon og dokumentasjon i planlegginga av den pedagogiske verksemda (Utdanningsdirektoratet, 2017).

Straktiltak som informantane nemner er tiltak for barn med åtferdsvanskar, språkvanskar og/eller psykososiale vanskar. Dei ser at vaksenstøtte gjennom omsorg, oppmuntring, ros, positiv merksemd er viktig i førebyggjande arbeid. Det handlar om at barnet blir sett og forstått.

Ros og positiv merksemd kan setjast i samband sosial læringsteori (Ogden, 2015) som forklarar korleis vaksne kan stadfeste, oppmuntre og avgrense åtferd hos barn gjennom sosiale relasjonar og samhandling med andre Ogden (2015). Bae (2016) meiner at anerkjenning ikkje er det same som ros. Det handlar om å erkjenne barnet sine perpektiv og tole å bli korrigert når ein tek feil. Det handlar om dei vaksne sine haldningar til barn (Pettersvold & Østrem, 2019).

Ros blir misbrukt når det blir eit verkemiddel for å få barn til å tilpasse seg normer og reglar i barnegruppa. Barn skal sjølvstøtt få ros, men når målet er tilpassing, avslører det eit behavioristisk grunnsyn. Mange manualbaserte programsom blir innført som eit ledd i tidleg innsats er mentaliseringsbaserte. Mange av desse og skjuler eit behavioristisk grunnsyn som brukar påskjøning og straff som verkemiddel. I følgje Pettersvold & Østrem (2019) kan dette stride mot FN sin barnekonvensjonen.

5.3. Verdien av teamarbeid i arbeid med tidleg innsats

To informantar nemner kunnskap i organisasjonen, møteverksemd i arbeid med tidleg innsats. Dei påpeikar at arbeid med systematisk observasjonsarbeid i team er viktig for å avdekke risikofaktorar hos barn. Fire av informantane er involvert i «Fleirfagleg blick» (Kvello, 2018) dette viser at arbeid med å oppdage barn i risiko satsast på i barnehagane. Med tanke på 7 % førekomst av psykiske lidningar hos barn i førskule – og skulealder er dette dette viktig arbeid.

5.4 Foreldresamarbeid

To informantar nemnte samarbeid med foreldra som vesentleg i arbeid med tidleg innsats. Samarbeid med foreldra kjem til uttrykk i formålparagrafen i Rammeplan (Kunnskapdepartementet, 2005)

der barnehagen si rolle er å gje barn gode utviklings - aktivitetsmoglegheiter i nær forståing i samarbeid med heimen. Dersom *Grønne tanker – glade barn* skal brukast i samarbeid med foreldra, bør dei få god informasjon om programmet. Funn i forskinga syner at nokre barnehagar har ein stor andel minoritetskulturelle barn, noko som krev tid og ressursar for å omsetje informasjon om programmet til foreldra. Språkbarrierar er ein faktor som kan hindre implementeringsarbeidet og målsetjinga med å skape eit felles språk for kjensler både hos barn, personale og føresette.

5.5 Drøfting av delforskingsspørsmål 2

Psykologisk førstehjelp som verktøy i tidleg innsats

Det kom fram delte syn på *Grønne tanker – glade barn* si rolle i arbeid med tidleg innsats. Fire av informantane meiner programmet er eit godt verktøy for dette føremålet fordi det hjelper barn å utvikle språk for kjensler og gjev dei mentale reiskap til å støtte seg sjølv. Å lære seg å setje ord på kjensler på eit tidleg tidspunkt kan verke psykisk helsefremjande. Dette synet støtter Brandsæg et.al (2014). Læring om eigne kjensler gjennom omsorgsfulle vaksne legg grunnlaget for psykisk i helse og gjev betre føresetnader for emosjons – og sjølvregulering. Eit velutvikla kjenslespråk er viktig for å utvikle sosial kompetanse og danning av vennerelasjonar.

Tre av informantar er skeptiske til å bruke av programmet i arbeid med tidleg innsats fordi det er avhengig av kunnskapen bak og formidlingsevna til den enkelte pedagog. Dei meiner at verktøyet bør brukast av fagfolk innan psykologi eller vidareutdanning i psykososialt arbeid. Erfaringane frå studiet viser at barn kan få sterke psykiske reaksjonar i temasamlingar, noko som krev fagkunnskap for å handtere.

Tidleg innsats skal setjast inn for barnets beste, og skal gje best moglege utviklings- og læringsvilkår (Befring & Tangen, 2012). Informantane er i tvil om at *Grønne tanker – glade barn* egner seg til dette føremålet.

I følgje Rammeplan er det pedagogisk leiar sitt ansvar er å vurdere, tilpasse og evaluere det pedagogiske opplegget i tråd med pedagogisk skjøn (Utdanningsdirektoratet, 2017). Det er viktig å vurderer kva barn som har utbytte av *Grønne tanker – glade barn*, i samråd med foreldra og eventuelle hjelpeinstansar. Dette meiner også Raknes (2014).

5.5.1 Implementering av *Grønne tanker – glade barn* i barnehagen

Funn viste at seks av informantane opplevde kurs med *Grønne tanker – glade barn* som nyttig og lærerikt. Informantane er samde om at kunnskap om programmet er viktig før ein tek det i bruk, noko som også Raknes (2014) tilrår.

Informantane opplevde utfordringar med å trekkje med seg resten av personalgruppa for å få til ei heilskapleg satsing på programmet i organisasjonen. Tilsvarande funn har også har Hatlebrekke (2018) gjort i sitt studie. Årsakene til at ikkje heile personalgruppa er involvert kan vere at målgruppa er for barn mellom 4-7 år. Barnehageeigar kan oppleve det som lite hensiktsmessig å bruke økonomiske ressursar på opplæring av personale som jobbar med yngre barn. Dette er faktorar som hindrar at programmet blir implementert i organisasjonen. Dersom GT-GB skal påverke barnehagen sin kultur slik at det blir ein del av veremåten, må personalet få innsyn i programmet og forstå det. Slik det sosialkonstruktivistiske perspektivet forfektar, lærar barnet å forstå verda i lag kompetente vaksen eller meir kompetente jamaldringar (von Tetzchner, 2012).

5.5.2 Korleis blir kunnskapen om GT-GB blir overført til organisasjonen?

Mange barnehagehagar har ein praksis der vaksne rullerer på dei ulike avdelingane frå år til år. Kunnskapen om GT-GB kan dermed ligge igjen hos pedagogane. Dersom dei blir plassert på avdeling for 0-3-åringar ved nytt barnehageår, risikerer dei å ikkje få praktisere og vedlikehalde kunnskapen.

To informantar fortel at dei hadde workshop med *Grønne tanker – glade barn* på personalmøte, men erfarte likevel at det var vanskeleg å motivere resten av personalgruppa. Ein informant trur at ein vel å jobbe med det ein er trygg på og at mange vaksne synast det er vanskeleg å snakke om psykisk helse. Dette kan vere ei årsak til at det er vanskeleg å implementere programmet.

Funn frå fire informantar viser det kan oppstå mistyding og feilbruk av konseptet av både av personalet, barn og foreldra når det ikkje er god nok kunnskap om det. Dette er funn som også er gjort i Hatlebrekke (2018) sitt studie. Slik stortingsmelding (Meld. St. 41, 2008-2009) refererer til kvalitetsbarnehagar er at dei kjenneteiknast ved tilstrekkeleg godt utdanna personale. Dette handlar også om kompetanse og kvaliteten i det pedagogiske arbeidet.

5.5.2 Førebuing og gjennomføring av samlingsstunder med *Grønne tanker – glade barn*

Fleire faktorar spelar inn for ei vellukka gjennomføring av samlingstunder med GT-GB. I følgje informantane er det viktig å ha «kunnskapen inn under huden» før ein set i gang med samlingane. Gode samlingar må vere godt førebudde og Raknes tilrår ei leikprega tilnærming av programmet av ein kompetent vaksen Raknes (2014).

Korleis blir kunnskapen om GT-GB overført til barnet og terminologien i programmet bli ein del av det daglege språket? Skal ein tolke læring av GT-GB i lys av sosialkonstruktivistisk utviklingsteori, kan læring skje ved hjelp av ein kompetent vaksen i den nære utviklingssona til barnet. Pedagogen må formidle programmet via kulturelle reiskapar, det vil seie gjennom det munnlege språket og materiellet i verktøykassa. Formidlingsevna til dei vaksne er svært individuell, alle gjer det ulikt. Dette nemner

også ein av informantane i studiet. Difor er det grunn til at kvaliteten på formidlinga av programmet er ulik.

Funna i studiet peikar også på at informantane brukar programmet ulikt. Nokre pedagogar brukar verktøyet i kombinasjon med andre pedagogiske program, mens andre brukar det frå «perm til perm». Fire av pedagogane fortel om lite tid til planlegging. Slike funn er også gjort i Hatlebrekke (2018) sitt studie. Lite tid til planlegginga av programmet, kan gå ut over kvaliteten på gjennomføringa. Eng og Ulvund (2016) hevdar at det er grunn til å tru at programmet brukast ulikt i barnehagane, noko som har betydning for effekten av *Grønne tanker – glade barn*.

5.5.3 Frekvens temasamlingar med Grønne tanker – glade barn

Funn viser utfordringar med å gjennomføre dei 14 første temasamlingar 3 gonger i veka slik Raknes tilrår (Raknes, 2014). Fem informanter fortalte om utfordringar ved gjennomføring av programmet på grunn av mangel på tid, rom, vansker med organisering og mangel på personalressurser.

Dette kan tyde på at *Grønne tanker – glade barn* kan vere for omfattande å realisere i barnehagen. Rapee m.fl.(2005) tilrår at intervensjonsprogram er svært kortfatta, kostnadseffektive og brukarvennlige for å bli ført vidare etter prosjektslutt (Rapee m.fl; i Flaten, 2010).

5.5.4 Kva har storleiken på barnegruppa å bety for kvaliteten av gjennomføringa av GT- GB?

Slik det står i Meld.st.41 er eit kjenneteikn ved kvalitetsbarnehagar at barnegruppene er små. Små barnegrupper er vanskeleg å realisere når personaltettleiken er 3 vaksne på 18-20 barn. Storleiken på gruppene påverkar kvaliteten på gjennomføringa. For at barna skal kunne medverke, må barnegruppene vere små, men dette er vanskeleg slik bemanningsnormen er i dag. I følge rammeplan bør innhaldet i barnehagen formidlast ut i frå at barn er ulike og skal få delta på sine premisser (Utdanningsdirektoratet, 2017). To av informantene fortel om utfordringar ved at barna ikkje lytter til kvarandre. Dette kan henge saman med at barnegruppa er for stor.

Faktorar som påverkar kvaliteten på samlingstundene er tilstrekkeleg vaksenressursar, tid og kvaliteten på den vaksne sin formidlingsevne. Individuelle faktorar hos enkeltbarnet som kognitive evner, evne til konsentrasjon og merksemd er avgjerande for kor godt bodskapet i programmet blir oppfatta. Difor må programmet tilpassast etter enkeltbarnet og barnegruppa sitt behov. Det er stor skilnad på gjennomføringa av programmet med 4 og 20 barn.

5.5.5 Fysiske og kjenslemessige reaksjonar som kan oppstå under samlingstunder med GT-GB

Studiet tyder på at samlingar med GT-GB kan skape sterke kjenslemessige reaksjonar hos barn, som kan setje personalet i situasjonar dei ikkje er budd på å handtere. Wigg (2014) sine studier peikar på

læraren si oppleving av å måtte «leike psykolog» ved bruk av manualbaserte programmer. Dette understøtter tre av informantene sine utsegn om at det trengs fagkunnskap om psykisk helse for å bruke *Grønne tanker – glade barn*.

5.6 Informantane sine refleksjonar rundt nytteverdien av *Grønne tanker – glade barn*

Informantane erfarte mange sider ved programmet som nyttige. Ifølgje informantane gir materialet godt utgangspunkt for refleksjon og samtale, og nyttig inngangsport for å samtale om tankar og kjensler utan å gå direkte inn på barnet sitt eige kjensleliv. Materialet er praktisk og enkelt å ta i bruk, gir ei god oppskrift å følgje og er til støtte og hjelp for vaksne under samlingsstundene og i spontane situasjonar. Tre av pedagogane knytte materialet opp mot andre pedagogiske program. Dette er i tråd med Raknes (2014) sine oppmodingar til å bruke GT-GB fleksibelt og kreativt. I periodar med knapp tid til planlegging opplevte informantene at verktøyet var enkelt å setje seg inn i og lett å ta i bruk.

Informantane uttrykte at det er positivt at programmet skapar fokus på psykisk helse og normaliserer og anerkjenner dei ulike dimensjonar av kjensler. Opprømsing av omgrep rundt følelsar og øving på å identifisere kjensleutrykk i leseboka og flippoveren er nyttige for å lære barn å utvide ordforrådet rundt kjensler. Dette er i tråd med Brandsæg, Torsteinson, & Øiestad (2014) som hevdar at gjennom å utvikle godt ordforråd for tankar og kjensler kan barn lettere forstå seg sjølv og skape betre forutsetningar for å handtere dei.

5.7 Minoritetskulturelle barn

To informantar fortalte om utfordringar med formidling av *Grønne tanker – glade barn* til minoritets- språklege barn og foreldre på grunn av språkbarrierer. Målgruppa for konseptet tilseier at barn må ha tileigna seg ei språkutvikling tilsvarande 4-års alderstrinn for å forstå tematikken i GT-GB. Informantane ynskjer omsetting av programmet på fleire språk for å imøtekomme desse utfordringane. Dette er også viktig for å kunne oppfylle barnehagen sine mål om inkludering og tilpassing av det pedagogiske tilbodet etter barna sin alder og utvikling, og for samarbeide med heimen etter Rammeplan sine intensjonar (Utdanningsdirektoratet, 2017).

5.8 Kva tenkjer du om *Grønne tanker – glade barn* og barn du har bekymring for?

Fire informantar synast programmet er eit godt samtaleverktøy for barn som ein har otte for og som er i risikosona for å utvikle psykososiale vanskar. Verktøyet kan motivere dei stille, forsiktige barna til å våge meir og barn med sinnemeistringsvanskar kan få hjelp til sjølvregulering.

Tre informantar ville ikkje brukt verktøyet på barn i risiko fordi dei meiner at desse barna treng profesjonell hjelp. Dette er i tråd med Raknes (2014) som tilrår at barn med psykososiale vanskar bør tilvisast hjelpetenesta. Informantane sine ulike haldningar ved bruk av programmet kan handle om ulik vektlegging på omgrepet otte. Nokre informantar tenker på barn som ein har litt bekymring for og medan andre informantene kanskje tenker på barn med alvorlege vanskar og som har grunnlag for tilmelding til hjelpetenesta.

Bør programmet brukast for barn i risiko?

Tre pedagogar uttrykk skepsis til at barn i risiko skal utsetjast for ytterligere last ved bruk av *Grønne tanker – glade barn*. Funn i studien syner at barn kan oppleve kjenslemessige reaksjonar under tema-samlingar med verktøyet som fører til pedagogen må avbryte økta. Barn i risiko. Som har traumer, åtferd- og/eller utviklingsforstyringer kan ha utfordringar med læring og sjølvregulering. Slike barn kan lett peike seg ut i barnegrupper og bli utsette for stigma. Funn i studiet tyder på at dette kan bli spesielt tydeleg når barn blir bedt om å setje ord på tankane sine foran barnegruppa. Ein av informantane peikar på dette problemet ved å stiller spørsmålsteikn ved at vaksne skal få barn til å uttrykje kjenslene sine i grupper på 19-20 barn, og meiner at dette skape stigma.

Intensjonen bak GT-GB er at barn skal øve på å tenke grønne tankar for å redusere raude tankar og stress. Sjølv om føremålet berre er øving, viser funn i studiet at personale og foreldre i somme tilfelle ventar at barn meistarar sjølvhjelpstrategiene i programmet. Dette kan bli for store krav å oppfylle sjølv for 6-åringar med aldersadekvat utvikling. Ifølge Rammeplan for barnehagen (2017) skal barnehagen vere arena for fremje fysisk og psykisk helse. Ein kan stille spørsmål om barnehagen oppfyller eit slik føremål når programmet som *Grønne tanker – glade barn* kan skape motsett effekt. På den andre sida viser funn i studiet at programmet også kan føre til at barn opnar seg for å samtale om problema sine. Dette kan også bidra til å oppdage barn i risiko, noko som kan gje grunnlag for vidare tilmelding til barnevern.

5.9 Den vaksne si rolle for barn si utvikling av sjølv – og emosjonsregulering via GT-GB

Fire av informantane støtter barna sine emosjons- og sjølvregulering ved påminning av sjølvhjelpstrategiane i GT-GB. Teknikkar som «Grøn pause», ved bruk av tenkebamsane og lesebokene i materialet blei også brukt til reguleringsstøtte. Informantene fortel at dei er tett på barna og samtalar med dei når dei opplever frustrasjon. Sjølvregulering er dugleikar som barn utvikler frå 4-årsalder (Kvello, 2018). Dette lærar dei gjennom nære relasjonar (Brandsæg, Torsteinson, & Øiestad, 2014). Tillit og nærleik i relasjonen mellom barn og vaksne. Den vaksne må sjølv ha mentaliseringsevner og evne til sjølv- og emosjonsregulering, for at barn skal utvikle slike dugleikar. Slike element må på

plass før ein kan ta i bruk programmer som *Grønne tanker – glade barn*. Barn lærar gjennom den nære utviklingssona i lag med ein meir kompetent vaksen eller jamnaldring (von Tetzchner, 2012).

5.10 Programmet sin verknad på vaksne sine handlingar

Kan du gje døme på ein gong du tenker at programmet kan ha påverka di handling?

4-5 informantane trur programmet bidreg med å rette fokus på psykisk helse og skape ei meir reflektert og medviten haldning hos seg sjølve for korleis dei møter barna i situasjonar der dei treng hjelp til å regulere kjenslene sine. Dei har blitt meir sensitive og medvitne om å setje ord på barna sine kjensler gjennom samtaler, ved å stille opne spørsmål, og reflekere saman med barna om tankar og kjensler.

Situert læring skjer gjennom handling og deltaking i felles praksis slik Dysthe (1996) hevdar. Gjennom språket som verkemiddel lærer barn (og vaksne) gjennom samtale om tankar og kjensler. Ein informant opplever ei endring hos seg sjølv ved at ho har ordlagt seg annleis når barna kjem til henne med otte eller glede. Ho opplever å kunne inntone seg meir til barna sine kjensler enn før og har blitt ein meir sensitive vaksen ved hjelp av *Grønne tanker – glade barn*. Vaksne som gir merksemd på barn sine verbale- og nonverbale uttrykk er viktige kvalitetar i barnehagar (Brandsæg, Torsteinson, & Øiestad, 2014).

Ein informant trur at programmet endra hennar åtferd ved å bli modigare til å ta barn i forsvar når andre i personalgruppa er krenkjande mot barn ved å definere kva dei skal våge eller tole. På denne måten kan programmet ha gjort henne meir medviten om vaksenrolla og har styrka hennar sjølvkjensle. Personalet er forplikta til å førebygge krenking og mobbing i barnehagen (Utdanningsdirektoratet, 2017). Dette dømet syner at vaksenrolla i barnehagen kan vere både ein risiko- og beskyttande faktor for barn si psykososiale helse jamfør transaksjonsmodellen (Sameroff, 2009).

Føler du at GT-GB har bidratt til at personalet forstår barna på ein anna måte?

Funn viser uvisse kring dette spørsmålet på grunn av manglande kurs og opplæring for dei andre i personalgruppa. To informantar opplevde større forståing blant personalet etter at dei hadde hatt Work shop for personalgruppa, men opplever at kunnskapen og interessa fell vekk grunna manglande vedlikehald. Dette er i tråd med (Drugli, 2015) som hevdar at manualbaserte program i barnehage- og skule døyr ut på grunn av manglande vedlikehald og implementering.

Informantene sine refleksjonar rundt programmet sin overføringsverdi

Fire av informantene føler at *Grønne tanker – glade barn* har innfridd deira forventingar og meiner at programmet har ein positiv verknad på sikt. Ved at det blir naturleg å samtale om vanskelege tankar

og kjensler og ved ta i bruk sjølvhjelpsstrategiar i *Grønne tanker – glade barn* trur dei at kan det bli enklare for barn å snu negative tankar til det positive. Ein informant er usikker på om programmet sin verknad seinare, men har eit håp om at barna frå hennar barnehage har ei anna forståing enn andre når dei begynner på skule til hausten. Informantane trur at det kan gje barna språkleg og mentale reiskap som det kan få bruk for seinare i livet.

5.11 Drøfting av delforskingsspørsmål 3

Blir Grønne tanker – glade barn gjennomført etter intensjonen?

I følgje Rammeplan (Utdanningsdirektoratet, 2017) skal barnehagen vere ei pedagogiske verksemd der barn og foreldre har rett til å medverke i prosessane med planlegging og vurdering av det pedagogiske arbeidet. Føremålet med vurderingsarbeidet er at alle barn skal få eit tilrettelagt tilbod som er i tråd med Rammeplan og barnehagelova. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon (Utdanningsdirektoratet, 2017).

Raknes (2014) uttrykk det krevjast innsats over tid for GT-GB skal bli ein del av barnehagen sin kultur. For at tematikken og terminologien programmet skal bli forstått og innarbeidd i barnehagen er det viktig å utvikle eit felles språk og ei felles forståing av konseptet både av barn og vaksne. Dette viser også sosialkonstruktivistisk teori, der læring skjer gjennom handling og deltaking i felles praksis (Dysthe, 1996).

Funna i studiet syner mangel på systematisk evaluering på personalmøter og avdelingsmøter. Det verker som om evalueringsarbeidet er vilkårlege og opp til kvar enkelt pedagog. Barn og foreldre er lite involvert i evalueringsarbeidet. Raknes (2014) oppmodar til 4 evalueringar årleg og likeins med Ogden (2012) hevdar ho at vellukka implementering er avhengig av personalet sin kompetanse. Ein av informantane påpeikar at når berre enkelte av personalet får opplæring, så blir det inga felles forståing, kunnskapen blir berre delvis overført. Eng og Ulvund har (2016) gjort ei kunnskapsoppsummering av *Grønne tanker – glade barn* og hevdar at det er lite implementeringsstøtte og system som kan sikre god kvalitet på implementeringsarbeidet, noko som gir grunn til å tru at programmet blir praktisert ulikt rundt om dei ulike barnehagane. Rapee, Lau, & Kennedy (2010) hevdar at intervensjonsprogram bør vere kortvarige og kostnadseffektive for at dei skal førast vidare. Funna i studiet syner at GT-GB er vanskeleg å gjennomføre på kort tid grunna tidspress på at mange andre prosjekter som barnehagen skal realisere, noko som skapar hindringar for effektiv implementering. Manglande evalueringar av GT-GB er funn som også vert stadfesta i Hatlebrekke (2018) sitt studie. Dette medfører til at barnehagen mistar viktig kunnskaps- og erfaringsdeling om *Grønne tanker – glade barn* i personalgruppa. Funn i studiet syner utfordringar med å gjennomføre programmet etter

intensjonen. Informantane fortel om tidspress grunna mange pedagogiske opplegg som skal gjennomførast.

5.12 Drøfting av delforskingsspørsmål 4

Kva kritikk kjem fram frå informantene?

Kritikk av omgrepet psykologisk førstehjelp

Fire informantar fekk spørsmål om kva dei tenkte om psykologisk førstehjelp som omgrep. To informantar meinte namnet fungerte greitt etter at dei fekk kunnskap om programmet, medan to informantar meinte at namnet er feil og at det minner om ein krisetilstand. Dette er i tråd med WHO sin definisjon av psykologisk førstehjelp, som handlar om å hjelpe menneskje i alvorleg krise (WHO, 2011). Ein kan stille spørsmål om kvifor Raknes kallar konseptet «psykologisk førstehjelp» når programmet blir omtala som eit universalførebyggjande og helsefremjande program for alle barn i barnehagen og ikkje berre for menneskje i krise. Dette kan spegle eit problemfokustert syn på tidleg innsats og førebygging, slik Pettersvold og Østrem(2019) kritiserar.

Kritikk av fargeterminologi i *Grønne tanker – glade barn*

Ein informant meiner at namnet på programmet - *Grønne tanker - glade barn* verkar mistydande. Konseptet skal verdsetje alle kjensler som likeverdige, men når det overordna tema i programmet er *Grønne tanker – glade barn* er det eit tydeleg signal om at «grønne», positive tankar rangerast høgare enn raudt tankar. Fire informantar assosierer fargane til trafikken, raudt for «stopp», og grøn for «gå», noko som kan indikere forbode/lovleg. To av informantane relaterte grøn som positivt. Dette syner problematikken rundt fargebruken.

Funn frå studiet syner at barn kan blir irettesetta av vaksne og av andre barn når dei syner frustrasjon, og har såkalla «raudt tankar». Pettersvold og Østrem (2019) hevdar at når positive (grønne) tankar vert rangert over negative (raude tankar), kan dette skape vanskar for barnet. Dei peikar på at dette blir spesielt utfordrande i situasjonar der barnet er i sin fulle rett til å tenke negativt. Ein anna problematik er at det finnast fargeblinde og fargesvake.

Sjølv om informantane har medviten haldning til at raude og grønne tankar er lov, og at alle kjensler er legitime og likeverdige, viser funn frå studiet at fargebruken i programmet kan vere vanskeleg å formidle for barna. To informantar meiner at det er viktigare å nyansere tankane i staden for å definere dei som raude og grønne. Dei meiner at dei vaksne bør prøve å finne årsakene bak dei vanskelege tankane og kjenslene til barnet. Dei er kritiske til å bruke omgrepa «raude og grønne tankar» og hevdar det er betre å læra barn eit kjenslespråk som barna kan bruke for resten av livet.

På den andre sida hevdar ein av informantane at omgrep som raude og grønne tankar, er noko som barn forstår godt. Dersom barn ikkje klarer å uttrykkje kjenslene sine, så forstår dei at det er ein raud eller grøn tanke. Slik kan dei skilje mellom positive og negative kjenslene. Raknes (2014) foreslår å omtale grønne tankar som «hjelpetankar» og raude tankar som «ikkje-hjelpsame» tankar» (Raknes, 2014).

Ein informant peikar på faren ved at vaksne overlèt ansvaret til barna for å handtere kjenslene sine sjølv. Når barna i tillegg må sortere fargane og tankane i ulike kategoriar kan det bli for komplisert. Denne problematikken understøttast av teorien Pettersvold og Østrem (2019

Pedagogane sine refleksjonar rundt bruk av «tenkebamsane»

Det var delte meiningar om nytteverdien av tenkebamsane. Fire pedagogar opplevde dei som gode å bruke samlingar og i spontane situasjonar. Tre av pedagogane uttrykkjer skepsis ved bruk av tenkebamsane fordi dei ser problematiske tilhøve rundt fargane og symbolverdien. Dei meiner at fargane på bamsane kan opplevast som stigmatiserande og har opplevd at barn har negative kjensler knytt til dei. Ein informant sine refleksjonar om at ein skal ikkje påføre nokon å vere «den raude bamsen» kan handle om at barn med vanskar identifisere seg den «slemme, raude bamsen» og oppleve seg stigmatisert gjennom den raude bamsen.

Frå eit sosialkonstruktivistisk utviklingsperspektiv blir barn sin forståing og tenking utvikla gjennom samhandling med andre (von Tetzchner, 2012). På eit psykologisk plan kan barnet forstå den raude bamsen som eit symbolsk uttrykk for sine eigne negative tankar og/eller handlingar. Dersom barn opplever at sjølvhjelpsmetodane i GT-GB er for vanskelege å ta i bruk, kan dette føre til frustrasjon hos barnet. Barn med lågt tanke- og kjenslemedvit kan reagere med både innagerande ved å rette frustrasjonane innover seg sjølv, og/eller ved utagerande åtferd.

Erfaringane frå studiet syner at barn kan reagere med utagering ved synet av den raude bamsen. Ein informant fekk rettleiing frå hjelpetenesta om å nedtone fargebruken. Ein fekk beskjed om at *Grønne tanker – glade barn* er for avansert for barn med traumer og sinnemeistringsvanskar. Dette kan indikere at ein må vere medviten om bruk av tenkebamsane og fargebruk. Tema «sint» og «redd» er temasamlingar som er spesielt retta for barn med angst og vanskar med problemåtferd. Raknes tilrår å ha ekstra vakenressurs for desse temasamlingane (Raknes, 2017).

5.13 Oppsummering

I dette kapittelet har eg drøfta empiri opp mot teori for å svare på forskingsspørsmålet «Kva erfaringar har pedagogar med Psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn* i barnehagen?».

Informantane syner god forståing for psykisk helse, og ser samband mellom god psykisk helse og trygge relasjonar mellom barn-barn og barn- vaksne i barnehagen. Trygge relasjonar er viktige faktorar i kvalitetsbarnehagar. Pedagogane viste god innsikt i korleis psykisk helse kan fremjast gjennom positive samhandlingsmønstre, ros, oppmuntring, omsorg frå nære vaksne. Dei reflekterer eit verdisyn som er i tråd med barnehagelova §1, der barnet skal bli sett, høyrte og forstått, utvikle sjølvtrillit og tryggleik. (Utdanningsdirektoratet, 2017).

Funn i studiet viser at fire informantar meiner at *Grønne tanker – glade barn* er eit godt verktøy i tidleg innsats, for å stimulere barn sitt tanke – og kjenslemedvit og skape utgangspunkt for samtaler og refleksjon.

Funn viser at informantane var usamde i bruk av *Grønne tanker – glade barn* som metode for tidleg innsats og for barn som barnehagen har otte for. Det var også usemje ved bruk av tenkebamsane Rød og Grøn. Fargeterminologien i programmet kan skape misforståing hos for både barn og vaksne og bør nedtonast. Denne problematikken kritiserast også av Pettersvold og Østrem (2019).

Funna syner at programmet er for omfattande til å gjennomførast etter intensjonen. Evalueringsarbeidet er vilkårleg og opp til den enkelte pedagog. Tronge rammefaktorar kan vere medverkande til at barnehagane i studiet ikkje klarer å implementere programmet tilstrekkeleg til at programmet blir ein del av barnehagen sin kultur. Manglande implementeringsstøtte og oppfølging av programmet stadfestast i Eng og Ulvund (2016) si kunnskapsoppsummering av *Grønne tanker – glade barn i Ungsinn.no*.

6 Avslutning og konklusjon

Dette forskingsprosjektet har hatt fokus på å studere 7 pedagogar sine erfaringar med Psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn* og førebyggjande psykisk helsearbeid i barnehagen. Gjennom ei fenomenologisk og hermeneutisk tilnærming har eg gått i djupna av informantane sine subjektive erfaringar og undersøkt psykologisk førstehjelp som fenomen i barnehageverda.

Terapeutisering av barndomen?

Når informantane meiner at programmet bør gjennomførast av fagfolk innan psykologi, oppfattar dei metoden som ein form for terapi? Dette kan handle om at programmet har teoretiske forankring i KAT-metoden som opphaveleg blei brukt i psykiatrifeltet (Ogden, 2015). Er *Grønne tanker – glade barn* til bruk for pedagogar eller terapeutar? Når mentaliseringsbaserte program blir brukt i stor skala rundt om i barnehagar kan det tyde på at pedagogen sitt arbeidsfelt gått over i terapifeltet og at barndomen blir terapeutisert.

Mange av programma har basis i eit behavioristisk grunnsyn, med eit deterministisk syn der ein leitar etter ytre årsakssamanhengar, hevdar Pettersvold & Østrem (2019). Ros og stadfesting hos dei vaksne kan kamuflere vaksne sine intensjonar om at barnet skal tilpasse seg sosiale normer og regler. Dette perspektivet har fokus på å korrigere negativ åtferd gjennom straff og fremjing av positiv åtferd gjennom belønning.

Grønne tanker – glade barn blir brukt på heile barnegrupper slik funna viser i dette studiet. Dette kan understøtte Ogden (2015) som hevdar at «alle» blir gjenstand for terapi gjennom mentaliseringsbaserte program. Funna viser at fem av pedagogane også er involverte i 1-2 andre førebyggjande program. Dette kan indikere det som Pettersvold og Østrem hevdar er ein programinvasjon av førebyggjande tiltak for å oppfylle nasjonale målsettingar om tidleg innsats.

Pettersvold og Østrem (2019) hevdar at mangel på innsikt i praksisfeltet frå aktørane bak intervensjonprogram gjer dei lite kontekstsensitive. *Grønne tanker – glade barn* kan kanskje fungere i eit terapirom, men ikkje nødvendigvis i ein barnehagekontekst. Barnehagekvardagen er prega av spontanitet, «her- og no» situasjonar, med stadig endring i planar. Barn i barnegrupper påverkar kvarandre gjensidig, noko som inneberer brå endringar og spontane hendingar.

Det er grunn til å vere kritisk til val av manualbaserte metoder. Målsettinga ved tidleg innsats er at det skal vere til barnets beste (Straand, 2011). Kan program som *Grønne tanker – glade barn* stille for store krav til at barn og unge skal handtere sine eigne problem og livssituasjon gjennom effektiv

sjølvinstruksjon? Er det det realistisk at barn i aldersgruppa 4-7 år tek i bruk sjølvhjelpsметодane i *Grønne tanker – glade barn*?

For at barn skal forstå prinsippa i *Grønne tanker – glade barn* er det avhengig av kunnskap og kvaliteten på formidlingsevna til den vaksne. I tillegg må det må vere ei felles forståing av konseptet både av personalgruppa og foreldra for å unngå feilbruk og misforståing. Spørsmålet er om barnehageeigar prioriterer ressursar til kurs og opplæring for heile personalet og føresette. Det kan handle om tronge økonomiske rammevilkår eller manglande prioriteringar.

Dersom intervensjonsprogrammer som *Grønne tanker- glade barn* kan bidra til eit større fokus på og kunnskap om psykisk helse hos personalet i barnehagen, kan det verke helsefremjande i seg sjølv?

6.1 Sentrale funn i forkinga

Arbeid med psykisk helseførebyggande arbeid i barnehagen

Informantane meiner at psykisk helse er viktig tema i barnehagen. Funna i studiet syner at informantane har god kunnskap om psykisk helse, og ser faktorar i systemperspektiv som påverkar den psykiske helsa. Psykisk helsefremmande arbeid i barnehagen handlar om at vaksne er gode omsorgsgjevarar, byggjer relasjonar i barnehagen og legge til rette for leik, tryggleik, meistring og glede.

Pedagogar sine erfaringar med psykologisk førstehjelp i barnehagen

Funna er sprikande i høve til syn på programmet sin nytteverdi arbeid med tidleg innsats og i førebyggande psykisk helsearbeid. Om lag halvparten av informantane opplever at verktøyet er god metode for å samtale med barn om vanskelege emne, og som støttefunksjon for vaksne i arbeidet med å stimulere barn sitt tanke – og kjenslemedvit. Ved å samtale om tankar og kjensler med barn tidleg, kan ein normalisere og ufarleggjere tematikken rundt psykisk helse. Det kan skape større aksept og openheit om psykisk helse i samfunnet. Psykiske helsevanskar og barn i risiko kan oppdagast tidleg slik at barn og unge får hjelp i skule, barnehage og hjelpeapparatet.

Kritikk frå informantane

Tre informantar hevdar at *Grønne tanker – glade barn* er eit verktøy for psykologar eller for fagfolk med kunnskap om psykologi. Dei uttrykkjer skepsis til å bruke programmet for barn med traumer, åtferds- og psykososiale vanskar og fryktar at programmet kan påføre barn psykisk belastning. Funn i studiet stadfestar at barn kan oppleve fysiske og psykiske reaksjonar under samlingstunder med *Grønne tanker – glade barn*, noko underbyggjer informantane sine påstandar. Det kom fram kritiske perspektiv på bruk av fargesymbolikk, bruk av tenkebamsane Rød og Grøn, samt kritikk av bruk av terminologien Psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn*.

Implementering av programmet

Informantane synte god innsikt i *Grønne tanker – glade barn* gjennom kurs og opplæring. Funna syner utfordringar med implementering av programmet etter intensjonen. Faktorar som hindrar dette er tidspress, mangel på personalressurser, plantid, rom og vanskar med organisering. Utfordringane med implementering kan handle om at programmet ikkje er tilpassa barnehagekonteksten han skal fungere i. Studiet syner at programmet treng alders-,individ- og gruppetilpassing for å inngå i det allmenpedagogiske tilbodet i barnehagen.

Grønne tanker – glade barn sin helsefremjande verknad

Det er ikkje gjort evidensbasert forskning som kan gje støtte for at *Grønne tanker – glade barn* har effekt på barn si psykiske helse (Eng & Ulvund, 2016). Difor er det vanskeleg å seie noko om programmet sin førebyggjande og helsefremjande verknad.

6.2 Avsluttande refleksjonar

Kva skal til for å lukkast med implementering av Grønne tanker – glade barn?

Det er mange rammefaktorar som må vere på plass for å kunne lukkast med å innføre *Grønne tanker – glade barn* i barnehagen. Den avgjerande faktoren er *tid*. Barnehageeigar må vere innstilt på å bruke tid og ressursar på kompetanseheving gjennom kurs og opplæring, leggje til rette for systematisk vurderingsarbeid blant personale, foreldra og barna. Barnehagen må vere ein lærande organisasjon som delar erfaringar og kunnskap om programmet gjennom ein reflekterande kultur. Personalet treng tid til å gjennomføre *Grønne tanker – glade barn* og tilpasse tema etter barnegruppa og enkeltbarnet sitt behov.

Kvalitet i barnehagen handlar om menneskelege ressursar. For dei minste barna handlar kvalitet om å knyte seg til omsorgsfulle vaksne som gjev respons på deira verbale og non-verbale uttrykk. (Brandsæg, Torsteinson, & Øiestad, 2014). Det handlar om at vaksne gjev av si *tid* for å skape gode, trygge rammevilkår for at barn skal føle tryggleik, glede, leik og meistring. Dette skapar gode vilkår for den psykiske helsa. Å byggje tillit i relasjonar krevjast tid. Program som *Grønne tanker – glade barn* kan ikkje pressast inn som eit kortvarig prosjekt blant mange, det krevjast prioritering og innsats over tid.

Vaksne må gje av tid for å sjå enkeltbarnet, og *tid* til å lytte og forstå når det treng å fortelje om viktige ting. Difor er små barnegrupper og tilstrekkeleg bemanning avgjerande for barnehagen sin kvalitet. Holthe (2012) meiner at samfunnet treng kvalitetsbarnehagar fordi dei har ei unik rolle som verkar inn på helsa i eit folkehelseperspektiv. Det er i barndomen dei grunnleggjande utviklinga og haldningar formast (Raknes, 2014).

Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrse, og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

(Utdanningsdirektoratet, 2017, s.7).

Kritisk blikk på eiga forskning

Det har vore ei utfordring å prøve å vere medviten om eiga førforståing. Dette kan ha påverka forskinga i meir eller mindre grad i høve til utval av tema som blei valt ut og drøfta. Eg kunne ha vore meir kritisk til kva spørsmål eg tok med i intervjuguiden og avgrensa tema i større grad.

Vidare forskning

I kvalitative studiar er utvala små, noko som gjer at dei ikkje kan generaliserast. Funna i forskinga kan ha ein generell verdi ved at andre pedagogar som brukar *Grønne tanker – glade barn* dra nytte av erfaringane og skildringane frå mitt studie.

Det trengs meir forskning på *Grønne tanker – glade barn* for få meir kunnskap om programmet sin helsefremjande og førebyggjande verknad

Referanser

- Aldenmyr, S. (2019). Terapeutisering av skolan. I M. Pettersvold, & S. Østrem, (red.). *Problembarna. Manualer og metoder i barnehage, skole og barnevern* (s. 25). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Bartholdsson Å: Hultin, E. (2015). (red.) *Sociala relationer, vårdgrunn och lärarprofessionalitet*. Malmö: Gleerups.
- Beck, J. (2011). *Cognitive Teherapy. Basics and beyond*. New York: Guilford.
- Befring, E. (2015). *Forskningsmetoder i utdanningsvitenskap*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Befring, E., & Tangen, R. R. (2012). *Spesialpedagogikk*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Bowlby, J. (1969). *Attachment. Attachment and loss: Vol 1. Loss*. New York: Basic Books.
- Brandsæg, I., Torsteinson, S., & Øiestad, G. (2014). *Se barnet innenfra. Hvordan jobbe med tilknytning i barnehagen*. Oslo: Kommuneforlaget AS.
- Bronfenbrenner, U. (1992). *Ecological systems theory, i R. Vasta (Red.) Six theories of child development*. London: Jessica Kingsley Publishers.
- Clucas, C., Skar, A.-M., Sherr, L., & Tetzchner, S. (2014). Mothers and Fathers Attending the International Child Development Programme in Norway. *The Family Journal. Vol.22 (4)*, ss. 409-418. doi:10.1177/1066480714533640.
- Dieltjens, T., Moonens, I., Van Praet, K., & de Buck, E. (2014, 12 12). A systematic Literature Search on Psychological First Aid: Lack of Evidence to Develop Guidelines. *PLOS one 9 (12)*, ss. 1-13 DOI:10.1371/journal.pone.0114714.
- Drugli, M. B. (2015). *Atferdsvansker hos barn - Evidensbasert kunnskap og praksis*. Oslo: Cappelen Damm.
- Dysthe, O. (1996). *Ulike perspektiv på læring og læringsforskning*. Oslo: Cappelen akademiske forlag.
- Dysthe, O. (1996). *Ulike perspektiver på læring og læringsforskning*. Oslo: Cappelen akademiske Forlag.
- Eng, H., & Ulvund, S. (2016, 6 13). *Beskrivelse og vurdering av tiltaket Grønne tanker - glade barn*. Hentet fra <http://www.ungsinn.no/wp-admin/post.php?post=3799&action=edit&message=6>
- Flaten, K. (2010). *Barn med sosial angst og sjenanse*. Oslo: Kommuneforlaget AS.
- Flaten, K. (2019). *Barnehagebarn og angst*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

- Folkehelseinstituttet. (2014). *Psykisk helse og trivsel i folkehelsearbeidet (IS-2263)*. Oslo: Helsedirektoratet.
- Folkehelseinstituttet. (2018, 6 26). *Barn og unges psykiske helse. Forebyggende og helsefremmende folkehelseiltak. En kunnskapsoversikt*. Hentet fra Fhi.no: ISBN: 978-82-8082-925-2
- Folkehelseinstituttet. (2018, 5 14). *fhi.no*. Hentet fra Livskvaliteten og psykiske lidelser hos barn og unge: fhi.no/nettpub/hin
- Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Oslo: Fagbokforlaget.
- Hatlebrekke, B. H. (2018). *En kvalitativ undersøkelse av fem barnehagelæreres erfaringer bruk av programmet Grønne tanker- glade barn*. Bergen: NLS Høgskolen.
- Heiervang, E., Stormark, K. M., Lundervold, A. J., Heimann, M., Goodmann, R., Posserud, M.-B., . . . Gillberg, C. (2007). *Psychiatric Disorders in Norwegian 8-10-Year- Olds: An epidemiological Survey of Prevalence, Risk Factors, and Service Use*. American Academy of Child and Adolescent Psychiatry.
- Kunnskapdepartementet. (2005, 6 17). *Lov om barnehager kap.1*. Hentet fra lovdata.no
- Kvello, Ø. (2018). *Barn i risiko. Skadelige omsorgssituasjoner. 2.utgave*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Mathiesen, K., E, K., & A.K, K. (2009). *Psykiske lidelser blant barn og unge i Norge*. Folkehelseinstituttet.
- Meld. St. 41. (2008-2009). *Kvalitet i barnehagen*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Meld.St. 16. (2006-2007, 9 15). *...og ingen stod igjen. Tidlig innsats og livslang læring*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Meld.St. 24. (2012-2013). *Framtidens barnehage*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- NESH. (2006). *red. Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi*. Oslo: De nasjonale forskningsetiske komiteer.
- NVIVO. (19, 12 18). Hentet fra qrsinternational.com: www.qrsinternational.com/nvivo/system/sitemap
- Ogden, T. (2015). *Sosial kompetanse og problematferd blant barn og unge*. Dimograf: Gyldendal akademisk.
- Pettersvold, M., & Østrem, S. (2019). *(red.)Problembarna - Manualer og metoder i barnehage, skole og barnevern*. Oslo: Cappelen Damm AS.

- Pettersvold, M., & Østrem, S. (2019). *Problembarna - Manualer og metoder i barnehage, skole og barnevern*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Plummer, C., Cain, D., S, Fisher, R., M, & Bankston, T. Q. (2009, 12 3). Practice Challenges in Using Psychological First Aid in a Group Format with Children: A Pilots Study. *Brief Treatment and Crisis Interventions Journal*, ss. 313-326. doi 10.1093/brief-treatment/mhn019.
- Raknes, S. (2014). *Grønne tanker - glade barn. Barn 4-7 år. En veileder*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Raknes, S. (2017). *Grønne tanker - glade barn: Psykologisk førstehjelp. Barn 4-7 år - en veileder*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Rapee, R., Lau, E., & Kennedy, S. (2010). *The Cool Little Kids Anxiety Prevention Program - Therapist Manual. Center for Emotional Health*. Sydney: Maquaerie University.
- Sameroff, A. (2009). *The transactionel modell of development*. Washington DC: American Psychological Assosiation .
- Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse - En innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Tjora, A. (2018). *Kvalitative forskningmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Utdanningsdirektoratet. (2017). *Rammeplan for barnehagen. Innhold og oppgaver*. Oslo: Utdanningsdirektoratet.
- von Tetzchner, S. (2012). *Utviklingspsykologi*. Oslo: Gyldendal Akademisk AS.
- Wallroth, P. (2011). *Mentaliseringsboken*. Stockholm: Arneberg.
- Wichstrøm, L., Angold, A., Egger, H. L., Solheim, E., Berg-Nielsen, T. S., & Sveen, T. H. (2011, November 10). Prevalence of psychiatric disorder in preschoolers. *The Journal of Child Psychology and Psychiatry*, ss. 46(4), 438-447 (9s) G (i Bolk)186-196.
- World Health Organization. (2011). *Psychological first aid: Guide for field workers*. Geneva: WHO press. Henta frå https://www.who.int/mental_health/publications/guide_field_workers/en/
- .



Informasjonsskriv til barnehagen

V/ styrer

Florø, 02.01.19

Eg heiter Tone V. Olsen, er barnehagelærer og studerer master i spesialpedagogikk ved Høgskulen på Vestlandet (HVL).

I samband med masteroppgåva som eg skriv, ønsker eg å gjere ei undersøking om barnehagelærarar sine erfaringar med metoden Psykologisk førstehjelp "Grønne tanker - glade barn" av Solfrid Raknes i barnehagane. Eg håpar difor på å intervjuje barnehagelærarar som har brukt dette verktøyet sidan gjennomføringa av kurset i kommunen 2017. Dette innebere å gjennomføre semistrukturert intervju på om lag 40 – 60 minuttar.

Alle opplysningar om organisasjonen dykkar og personopplysningar blir anonymiserte, og oppbevart på HVL sin server. I samband med dette vert det tilsendt samtykkeskjema til intervjupersonene. Det er mulig å trekke seg frå prosjektet når som helst. Av praktiske årsaker ønsker eg å bruke diktafon, men det er det mulig å reservere seg for dette. Lydfilene frå diktafonen vil bli sletta etter transkribering.

Eg kan eventuelt gjennomføre fokusgruppeintervju med fleire pedagogar om de synes dette er mest praktisk, og kan også sende dykk intervjuguide i førekant. Dersom ønskeleg, kan eg halde eit lite foredrag på personalmøte at masteroppgåve er ferdigskriven.

Rettleiar for dette studiet er dosent Kirsten Helen Flaten, kirsten.flaten@hvl.no.

Håpar på positivt svar frå dykk.

Med helsing Tone V. Olsen

Tlf: 47 24 55 8 Email: toneols7@gmail.com

Vedlegg 2

VIL DU DELTA I FORSKINGSPROSJEKTET

«Kva erfaringar har pedagogar med Psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn?*»

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å undersøkje kva erfaringar du har med psykologisk førstehjelp i barnehagen. I dette skrivet gir vi deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking vil innebere for deg

Føremål

Mitt namn er Tone Vigdis Olsen og eg studerer master i spesialpedagogikk ved Høgskulen på Vestlandet. Føremålet med dette prosjektet er å forske på kva erfaringar pedagogar i barnehagen har gjort med Psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn* i eit førbyggjande perspektiv. *Grønne tanker – glade barn* er eit psykoedukativt program som er utvikla av Solfrid Raknes for å hjelpe barn å utvikle sitt tanke – og følelsesmedvit. Programmet skal hjelpe barn til sjølvhjelp når vanskelege kjensler og hendingar oppstår. Som eit ledd i masterprosjektet mitt ynskjer eg å intervjuje pedagogar som har gjennomført kurs eller opplæring med programmet, og som har brukt programmet i barnehagen. Alle opplysingar om deg og organisasjonen din vil bli anonymisert.

Kven er ansvarleg for prosjektet?

Høgskulen på Vestlandet HVL, avdeling Sogndal har ansvaret for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Utvalskriteria for å delta i prosjektet er pedagogar med 3-årig høgskuleutdanning og som har delteke eller fått anna form for opplæring i Psykologisk førstehjelp *Grønne tanker glade barn*.

Eg voner å rekruttere 5-6 frivillige som vil delta i eit semistrukturert intervju som varer om lag 40-60 min. Dette inneberer at eg vil ta lydopptak med diktafon og skrive notatark.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å oppgje noko grunn. Informasjonen du har gitt vil bli sletta. Det vil ikkje føre til nokre negative konsekvenser for deg om du ikkje vil delta seinare.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarar og brukar dine opplysingar

Vil vil bare bruke opplysingane om deg til føremåla vi har fortald deg om i dette skrivet. Vi handsamer opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket,

- Den som vil ha tilgang til datamaterialet og opplysingar om dette er Høgskulen på Vestlandet, avd. Sogndal og min rettleiar, Kirsten Helen Flaten.
- Namnet ditt vil eg erstatte med kode mens eg bearbeidar data frå intervju. Person – og kontaktopplysingar om deg vil bli lagra på HVL, innelåst i skap. Lydfilane på diktafon vil bli kryptert og sletta så snart datamaterialet er transkribert.
- **Kva skjer med opplysingane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?**

Prosjektet vil etter planen vil bli avslutta 20.12.19. Personopplysingar og ev. lydopptak vil bli sletta ved prosjektslutt.

Dine rettar:

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet har du rett til:

- innsyn i kva personopplysingar som er registrert om deg
- å få korrigerert personopplysingar om deg
- få sletta personopplysingar om deg
- få utlevert ein kopi av dine personopplysingar (dataportabilitet) og sende klage til personvernombudet eller Datatilsynet av dine personopplysingar.

Kvar gir oss rett til å handsame personopplysingar om deg?

Vi handsamer opplysingar om deg basert på ditt samtykke. På oppdrag frå HVL har Norsk Senter for Forskingsdata AS (NSD) vurdert at handsaminga av opplysingar i dette prosjektet i samsvar med personvernreglementet.

Kvar kan eg finne ut meir?

Dersom du har spørsmål til studien eller ynskje om å nytte deg av dine rettar, ta kontakt med

Høgskulen på Vestlandet, avd. for lærarutdanning

Rettleiaren min er dosent **Kirsten Helen Flaten**

E-post: Kirsten.flaten@hvl.no

Tlf: 57 67 61 47

Vårt personvernombud er: personvernombud@hvl.no

- NSD – Norsk Senter for Forskningsdata AS

E-post: personvernombudet@nsd.no eller telefon: 55 58 21 17

Samtykkerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet «Kva erfaringar har pedagogar med Psykologisk førstehjelp *Grønne tanker – glade barn* i barnehagen?» som Tone Vigdis Olsen har fått anledning til å stille meg spørsmål om.

Eg samtykker til :

- å delta i semistrukturert intervju
- å delta i lydopptak via diktafon og at Kirsten Helen Flaten kan gi opplysingar om meg til prosjektet dersom aktuelt.

Eg samtykker til at mine opplysingar kan handsamast fram til prosjektet er avslutta den 20.12.2019

Signert av prosjektdeltakar, dato og årstal)

Vedlegg 3

INTERVJUGUIDE v/ Tone Olsen feb. 2019

Psykologisk førstehjelpsprogrammet «Grønne tanker – glade barn» av Solfrid Raknes, blir her forkorta til PF.

Grønne tanker – glade barn blir forkorta til GT-GB.

Spørsmåla med utheva tekst er henta frå Berit Helle si masteroppgåve frå 2018

Informant kode:	Dato:	
Barnehagekode:	Antal barn på avdelinga	
Stilling/utdanning:	Alder	
TEMA 1. BAKGRUNNSINFORMASJON	Bakgrunnsinformasjon/ kontekst	Mine Kommenterar Observasjon av kroppsspråk
Kva år fullførte du utdanninga di? Kor lenge har du jobba som barnehagelærar? Kor lenge har du jobba på denne arbeidsplassen? Kva var grunnen til at du valde dette yrket? Kva likar du best med jobben din som barnehagelærar?		
TEMA 2. GENERELL BAKGRUNNS- KUNNSKAP OM PSYKISK HELSE	Informantane sine svar	Mine kommenterar/tolkingar av informantane sine utsegn:
1.Kva legg du i omgrepet psykisk helse?		Mine kommenterar
2.Kva legg du i omgrepet «tidleg innsats» 3.Korleis jobbar organisasjonen din med tidleg innsats		Korleis forstår informanten omgrepet?
TEMA 3. Kurs og opplæring av PF	Informantane sine svar	Mine kommenterar
4. Kan du Fortelje om fyrste gong du hørte om psykologisk førstehjelp – GT-GB? (Kva refleksjonar gjorde du deg om dette?)		Føremålet er å få innsikt i korleis pedagogen har fått kunnskap om PF Er dette noe som hun/han hadde forhåndskjennskap til?

<p>5. Kor lenge sidan er det de/dykk har starta opp med PF?</p> <p>6. Var det ein spesiell grunn til at akkurat dette programmet blei nytta?</p>		<p>-årsaker til at dette programmet var vald</p>
<p>TEMA 4 – Informanten sitt inntrykk av kurs og opplæring med PF</p>	<p>Informantane sine svar</p>	<p>Mine tolkingar av informantane sine svar Observasjon av informantane sitt kroppsspråk</p>
<p>7. Kva inntrykk fekk du av innhaldet og opplæringa av PF?</p> <p>8. Kva var bra?</p> <p>9. Er det noko du ville hatt meir informasjon om?</p>		
<p>Tema 5 Gjennomføring og bruk av PF</p>		<p>Mine kommentarar</p>
<p>12. Kor ofte gjennomfører/gjennomførte du PF med barnegruppen? (frekvens) og kor lang tid varer ev. opplegget?</p> <p>11. Oppevar du at det er lett å gjennomføre det som er planlagt?</p> <p>12. Føler du at du får god nok tid til å førebutema/samling?</p> <p>Oppfølgjingsspørsmål : Kan du ev. fortelje meg kvifor/kvifor ikkje?</p> <p>13. Korleis brukast programmet i forhold til alle barn?</p> <p>14. Korleis brukast programmet i høve til enkeltbarn?</p> <p>15. Korleis brukar du PF i høve til spontane situasjonar?</p> <p>16. Kan du kome med døme på spontane/ ikkje planlagde situasjonar der du har erfart at PF blir jobba med?</p> <p>17. Ville du ha handla annleis utan erfaring med PF?</p>		<p>Kor ofte blir PF anvendt i barnehagen? Blir anvendt like ofte som det blir anbefalt av Solfrid Rакnes?</p> <p>Blir PF brukt hyppig nok til at det kan ha ei effekt på barna/barnegruppen?</p> <p>Utfordringar i høve til gjennomføring</p>
<p>Informanten sine erfaringar ved bruk materiellet:</p>	<p>Informantane sine svar</p>	<p>Mine kommentarar</p>

<p>18.Kva tankar har du om bruk av «tenkebamsane»</p> <p>19.Kva tenkjer du om fargesymbolikken grøn og raud? (Utdjup)</p>		<p>Kva tankar har informanten om fargesymbolikken i programmet?</p>
<p>TEMA 6 – Kva tankar informanten har om involvering av personalet og kva kunnskap dei har om denne metoden</p>	<p>Informantane sine svar</p>	<p>Mine kommentarar</p>
<p>20. Er det andre i personalgruppa som gjennomfører PF i din barnehage?</p> <p>21. Har eventuelt desse (personalet) gjennomført kurs med PF?</p> <p>22. Jobbar alle avdelingane med det same temaet?</p> <p>22. Har heile personalgruppa ansvar for å implementere programmet?</p> <p>24. Kva tenker du om at ikkje alle i barnehagen jobbar med programmet?</p>		
<p>26. Kan du fortelje om ein situasjon der du trur PF har påverka di handling?</p> <p>27.Har du opplevd at PF har bidratt til at personalet forstår barna på ein ny måte?</p> <p>28.Kan du gje eksempel på situasjonar der barna/dei vaksne opptre på ein måte som du kan relatere til PF?</p>		<p>-</p>
<p>TEMA 7. Kva utbytte informanten trur at barna har med programmet PF</p>	<p>Informantane sine svar</p>	<p>Kommentarar/ mi tolking av informantane sine svar</p>
<p>29. Kva tenker om PF og barn som du har bekymring for?</p> <p>30. Har du opplevd at barna har brukt omgrep knytt til PF i den perioden mens du har jobbet med denne metoden?</p> <p>31.Oppfølgingsspørsmål: Korleis har dette ev. kome til uttrykk?</p> <p>32. Har du opplevd at barn har fått en psykisk eller fysisk reaksjon medan du anvendte PF?</p> <p>Oppfølgingsspørsmål:</p>		<p>Informanten sitt syn på barna sine utbytter av PF med tanke på dei som har det vanskeleg</p> <p>Informanten sine subjektive røynsler om barna sine utbytte av PF</p> <p>Er det konkrete reaksjoner som respondenten har opplevd at barna har fått ved bruk av PF</p>

Korleis handterte du denne situasjonen?		
TEMA 8. EVALUERING AV PROGRAMMET	Informantane sine svar	Mine tolkingar/kommentarar
		Hensikten med spm. er å undersøkje informantane sine tankar om pedagogen om PF har innfridd forventningene
<p>33.Kan du fortelje meg om kva du erfarte som som nyttig med programmet?</p> <p>34.Kva opplevde du som den utfordring i gjennomføringa av PF?</p> <p>35.Kan du gje eit eksempel på situasjonar som kan skildre dette?</p> <p>36.Føler du at det blir nok tid til evaluering av PF?</p> <p>37.Trur du at erfaringane med PF kan ha overføringsverdi til ein anna situasjon?</p> <p>(t.d heime, fritid eller seinare i skulen og i livet til barna som har gjennomført programmet?)</p>		

Notater:

Vedlegg 4

Eksempel på kategorisering frå analysen

Matrise 1 – psykisk helse

Informant kode	Komprimert tekst av deltakar utsegn Tema: Psykisk helse Spørsmål: Kva legg du i psykisk helse?	Komprimerte utsegn frå informantane om Psykisk uhelse	Mi tolking av informantane sine tolkingar (Dobbel hermeneutikk) Tema: psykisk helse
A	Motstandskraft til å tåle kvardagspåkjenningar		Informanten relaterer omgrepet psykisk helse til god psykisk helse, handlar om å kunne tole kvardagspåkjenningar på ein måte som ikkje set deg ut av spel
B	Å ha det greitt med seg sjølv og omverda, føle seg inkludert, vere ein del av samf. med eit veldig stort normalbegrep	Psykisk uhelse som setter begrensingar for deg sjølv	Benedikte ser samband med psykisk helse og det å ha det bra med seg sjølv og omverda, Ho relaterer psykisk uhelse til det motsette
C	Opplevar at det kan vere eit vanskeleg tema å snakke om	Press og stress gjer at mange føler dei ikkje strekk til	C ser samband mellom psykisk helse og press i samfunnet, og ser ut til å relatere omgrepet til psykisk uhelse
D	Handlar om å vere trygg på seg sjølv, klare å reflektere over eigne og andre sine handlingar og tørre å gjere det		Kan handle om evne til å mentalisere. Ho ser samband mellom psykisk helse og tryggleik på seg sjølv
E	Kan handle om så mangt Å ha ei sunn innstilling til eiga tankegang og følelser	Psykisk sjukdom som kan vere å ha usikkerhet kring eigne tankar og meiningar	Psykisk helse er eit stort omgrep. God psykisk helse handlar om tryggleik på eigne tankar og kjensler
F	Hver og enkelt si helse i forhold til egne tankar, egen tro, meininger og egne mål for livet Gode og frie tankar som gjer at ein oppnår det ein skal, man er en aktiv del av samfunnet, man har stillasen i sitt liv som fører til positive tankar om seg selv	Negative tankar om seg sjølv og lågt sjølvverd, dårlege og vonde tankar, noko som ikkje er produktivt for ein sjølv	Fanny knyt omgrepet psykisk helse til både god og dårleg psykisk helse. Dette usegnet kan minne om WHO sin definisjon av psykisk helse.
G	Trygghet i rommet du er i, trygghet i relasjonen mellom barn-barn, barn-vaksne – og at dei vaksne gir støtte og hjelp		Gunn ser psykisk helse i samband med tryggleik i omgjevnaden og relasjonane mellom barn og vaksne, og ser at det er viktig at vaksne gir barna støtte og hjelp for å ha ei god psykisk helse.

NSD NORSK SENTER FOR FORSKNINGSDATA

NSD sin vurdering

Prosjekttittel

Kva erfaringar har pedagogar med psykologisk førstehjelp i barnehagen?

Referansenummer

546310

Registrert

18.01.2019 av Tone Vigdis Olsen - toneols7@gmail.com

Behandlingsansvarlig institusjon

Høgskulen på Vestlandet / Senter for utdanningsforskning

Prosjektansvarlig

Kirsten Helen Flaten, kirsten.flaten@hvl.no, tlf: 57676147

Type prosjekt

Studentprosjekt, masterstudium

Student

Tone Vigdis Olsen, toneols7@gmail.com, tlf: 47245588

Prosjektperiode

01.02.2019 - 20.12.2019

Status

21.01.2019 - Vurdert

Vurdering (1)

21.01.2019 - Vurdert

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet med vedlegg 21.1.2019. Behandlingen kan starte.

MELD ENDRINGER Dersom behandlingen av personopplysninger endrer seg, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. På våre nettsider informerer vi om hvilke endringer som må meldes. Vent på svar før endringer gjennomføres.

TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 20.12.2019.

LOVLIG GRUNNLAG Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger.

Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake. Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

TAUSHETSPLIKT

Det bemerkes at informantene har taushetsplikt og dermed ikke kan uttale seg om konkrete enkeltbarn eller enkelthendelser. Vi anbefaler at informantene minnes om dette i forkant av intervjuene.

PERSONVERNPRINSIPPER

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om - lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen - formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke behandles til nye, uforenlige formål - dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet - lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: åpenhet (art. 12), informasjon (art. 13), innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting

(art. 17), begrensning (art. 18), underretning (art. 19), dataportabilitet (art. 20). NSD vurderer at informasjonen om behandlingen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13. Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32). For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og/eller rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

OPPFØLGING AV PROSJEKTET NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet! Kontaktperson hos NSD: Lasse Raa

Tlf. personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)

